Deloitte.

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Læringsmiljø i vidaregåande skular

Forvaltningsrevisjon | 2015

Læringsmiljø i vidaregåande skular

September 2015

Rapporten er utarbeidd for Sogn og
Fjordane fylkeskommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no

Member of Deloitte Touche Tohmatsu Limited

Innhald

1 Samandrag 4
2 Innleiing 5
2.1 Bakgrunn 5
2.2 Føremål og problemstillingar 5
2.3 Avgrensing 6
2.4 Metode 6
2.5 Revisjonskriterium 7
3 Om tenesteområdet 8
3.1 Organisering 8
3.2 Resultat i Elevundersøkinga 9
4 Skuleeigar sitt arbeid med læringsmiljø 11
4.1 Problemstilling 11
4.2 Revisjonskriterium 11
4.3 Datagrunnlag 11
4.4 Revisjonen si vurdering 16
5 Skulane sitt arbeid for å sikre godt læringsmiljø 18
5.1 Problemstilling 18
5.2 Revisjonskriterium 18
5.3 Datagrunnlag 18
5.4 Revisjonen si vurdering 27
6 Samarbeid mellom skulane og PPT 29
6.1 Problemstilling 29
6.2 Revisjonskriterium 29
6.3 Datagrunnlag 29
6.4 Revisjonen si vurdering 34
7 Konklusjon og anbefalingar 35
Vedlegg 1: Høyringsuttale 36
Vedlegg 2: Revisjonskriterium 38
Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur 42

1 Samandrag

I samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har Deloitte gjennomført ein forvaltningsrevisjon av læringsmiljø i vidaregåande skular i fylkeskommunen. Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøkje om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit godt læringsmiljø ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane. Vidare har det vore eit føremål å undersøkje i kva grad PPT bistår skulane med systemretta arbeid, og i kva grad PPT bidrar i skulane sitt arbeid med læringsmiljøet.

Revisjonen har gått gjennom aktuell dokumentasjon frå fylkeskommunen, og det er gjennomført intervju med til saman åtte personar i samband med forvaltningsrevisjonen. Vidare er det gjennomført ei elektronisk spørjeundersøking til rektorar ved alle dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen, samt ei spørjeundersøking retta mot elevråda ved dei vidaregåande skulane.

Undersøkinga viser at det frå skuleeigar si side er tydeleg fokus på viktigheita av å arbeide for å sikre eit godt læringsmiljø ved skulane. Det har dei siste åra også blitt eit tydelegare fokus på viktigheita av at PPT bistår skulane med systemretta arbeid, og undersøkinga viser ei positiv utvikling på dette området.

Når det gjeld arbeidet med læringsmiljø, går det samtidig fram at det i stor grad er opp til den enkelte skule å etablere system og rutinar for å ivareta krava til systematisk og kontinuerleg arbeid med elevane sitt læringsmiljø, og at det er store forskjellar mellom systema som er etablert og kva desse inneheld. Undersøkinga viser at krava til internkontroll etter oppll. § 9a-4 ikkje er tilstrekkeleg ivareteke ved alle skulane, og revisjonen meiner fylkeskommunen som skuleeigar må etablere system som sikrar at alle skulane etterlever krava til internkontroll etter oppll. § 9a-4. Revisjonen meiner mellom anna at det kan vere føremålstenleg å i større grad enn i dag sørgje for at beste praksis og gode rutinar blir delt og gjort til felles rutinar. Fylkeskommunen må også sikre at alle skulane etablerer skulemiljøutval i samsvar med krav i opplæringslova. Vidare registrerer revisjonen at det framleis er forskjellar både mellom skulane og mellom dei ulike PPT-kontora når det gjeld det systemretta arbeidet. Revisjonen meiner at fokuset på systemretta arbeid bør oppretthaldast, og at både skulane og PPT bør følgjast opp når det gjeld i kva grad og korleis PPT bistår skulane med systemretta arbeid. Også her meiner revisjonen det kan vere føremålstenleg med auka grad av deling av beste praksis.

Basert på undersøkinga anbefaler revisjonen at Sogn og Fjordane fylkeskommune som skuleeigar sett i verk følgjande tiltak:

1. Etablerer system som sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid etter oppll. § 9a-4, og har system og rutinar som oppfyller krav til internkontroll slik desse er presisert i rundskriv Udir-4-2014.
2. Etablerer system for å sikre at beste praksis og gode rutinar knytt til læringsmiljøarbeidet blir delt, og vurdere å i større grad etablere felles rutinar på området.
3. Sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune har skulemiljøutval der representantar for elevane er i fleirtal, jf. oppll. § 11a-5.
4. Vurderer i kva grad og eventuelt korleis elevane i enno større grad kan involverast i læringsmiljøarbeidet ved skulane.
5. Følgjer opp både skulane og PP-tenestene når det gjeld i kva grad og korleis PPT bistår skulane med systemretta arbeid, samt etablerer system for auka grad av erfaringsdeling når det gjeld PPT sitt systemretta arbeid.

2 Innleiing

2.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 19.12.2014, gjennomført ein forvaltningsrevisjon av læringsmiljø i vidaregåande skular.

Prosjektet omfattar det som opphavleg var planlagt som to prosjekt i revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016; *læringsmiljøet i vidaregåande skule* og *PP-tenesta*. Prosjektet tar difor utgangspunkt i skildringa av desse to prioriterte prosjekta, og dei utfordringar og risikoar som er skildra i overordna analyse og som låg til grunn for prioritering av dei to prosjekta i revidert plan for forvaltningsrevisjon.

2.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit godt læringsmiljø ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane. Vidare har det vore eit føremål å undersøkje i kva grad PPT bistår skulane med systemretta arbeid, og i kva grad PPT bidrar i skulane sitt arbeid med læringsmiljøet.

I samsvar med føremålet med prosjektet er det utarbeidd følgjande problemstillingar :

1. I kva grad sikrar skuleeigar at dei vidaregåande skulane i fylket arbeider systematisk med å sikre eit godt læringsmiljø for elevane?

2. I kva grad driv skulane eit systematisk og kontinuerleg arbeid for å sikre eit godt læringsmiljø for elevane?

3. I kva grad bistår den pedagogisk psykologiske tenesta (PPT) dei vidaregåande skulane med systemretta arbeid?

Under **problemstilling 1** er det fokus på i kva grad skuleeigar har gitt føringar for skulane sitt arbeid med å sikre eit godt læringsmiljø, og om det eventuelt er formulert nokre felles mål for arbeidet med læringsmiljøet ved skulane. Vidare har vi under denne problemstillinga hatt fokus på i kva grad skuleeigar følgjer opp skulane sitt arbeid for å sikre eit godt læringsmiljø.

Under **problemstilling 2** er fokus på om skulane sitt arbeid for å sikre eit godt læringsmiljø for elevane er systematisk og kontinuerleg, slik det blir stilt krav om i opplæringslova. For å belyse denne problemstillinga, har revisjonen undersøkt i kva grad skulane arbeider aktivt med å kartleggje og vurdere kva faktorar det er viktig å ha fokus på for å sikre eit godt læringsmiljø, om det ved den enkelte skule er formulert mål, laga planar og sett i verk tiltak for å sikre eit godt læringsmiljø, samt om det er gjort ei tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver. Vidare har det blitt undersøkt om det er etablert rutinar for jamleg å gjennomgå og evaluere skulen sitt arbeid for å sikre eit godt læringsmiljø. Det er krav om at elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, og vi har difor også undersøkt i kva grad elevane deltar i desse prosessane. Vi vil også undersøkje i kva grad skulane har skriftlege rutinar som sikrar at arbeidet med elevane sitt læringsmiljø er målretta og systematisk.

Under **problemstilling 3** er fokus på i kva grad fylkeskommunen og/eller den enkelte skule har etablert avtalar med dei aktuelle PP-tenestene, der det går fram i kva grad og korleis PPT skal bistå skulane med systemretta arbeid. Vidare har det blitt undersøkt i kva grad skulane opplever at dei i tilstrekkeleg grad får systemretta bistand frå PPT, og i kva grad PPT er ein aktiv samarbeidspart i skulane sitt arbeid med å sikre eit godt læringsmiljø for elevane.

2.3 Avgrensing

I dette forvaltningsrevisjonsprosjektet har hovudfokuset vore på i kva grad og korleis skuleeigar og skulane arbeider systematisk for å fremje eit godt læringsmiljø. Prosjektet har difor ikkje i detalj undersøkt i kva grad dei spesifikke krava knytt til høvesvis psykososialt og fysisk skulemiljø, som går fram av opplæringslova kapittel 9a, blir etterlevd ved skulane. Prosjektet har derimot undersøkt om det er etablert system som skal sikre at desse krava blir etterlevd.

Når det gjeld PPT, har fokus i dette prosjektet vore på PPT sitt *systemretta arbeid*, og i kva grad PPT blir involvert i skulane sitt arbeid med å sikre eit godt læringsmiljø for elevane.

2.4 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Oppdraget er gjennomført i tidsrommet februar til august 2015.

2.4.1 Dokumentanalyse

Revisjonen har gjennomgått regelverk med tilhøyrande førearbeid, rundskriv mv., og brukt desse som revisjonskriterium. Vidare har revisjonen samla inn og analysert informasjon om system og rutinar, samarbeidsavtalar med PPT og dokumentasjon på arbeidet med elevane sitt læringsmiljø. Innsamla dokumentasjon har blitt vurdert opp mot revisjonskriteria.

2.4.2 Spørjeundersøking

For å få kjennskap til arbeidet med læringsmiljø og samarbeidet med PPT ved alle dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen, har revisjonen sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til rektorane ved alle dei vidaregåande skulane. Spørsmåla i undersøkinga omhandla sentrale forhold knytt til det å arbeide systematisk og kontinuerlig med elevane sitt læringsmiljø, korleis arbeidet er organisert, kven som deltar i arbeidet mv. Vidare inneheldt undersøkinga spørsmål knytt til PPT sitt systemretta arbeid ved skulen. Spørjeundersøkinga blant rektorane hadde ein svarprosent på 100 prosent (12 av 12 rektorar).

Revisjonen har også sendt ut ei kort elektronisk spørjeundersøking til elevråda ved alle dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen, for å undersøkje i kva grad elevrepresentantane opplever at skulen har eit systematisk og kontinuerleg arbeid på dette området, samt i kva grad elevane blir involverte i dette arbeidet. Undersøkinga blei sendt til elevrådsleiar, men med oppmoding om at elevrådet i fellesskap burde svare på spørsmåla. 58 prosent av elevråda (7 av 12 elevråd) svarte på undersøkinga.[1]

2.4.3 Intervju

Revisjonen har gjennomført intervju med to personar i Opplæringsavdelinga som mellom anna har ansvar for og god kjennskap til arbeid med læringsmiljø, oppfølging av skulane og samhandling med og oppfølging av PPT. Dei som blei intervjua var ein teamleiar og ein rådgjevar i Opplæringsavdelinga.

For å få nærare kjennskap til skulane sin praksis når det gjelder arbeidet med elevane sitt læringsmiljø og samarbeid med PPT, har revisjonen gjennomført intervju med rektorar ved tre utvalde vidaregåande skular i fylket. Dei tre utvalde skulane, som omfattar skular av ulik storleik og i ulike delar av fylket er:

- Dale vidaregåande skule
- Firda vidaregåande skule
- Sogndal vidaregåande skule.

[1] Gjennom svara på spørjeundersøkinga blir det opplyst at elevrådet i fellesskap svarte på undersøkinga ved fire av skulane. Ved to av skulane var det elevrådsleiar som svarte på undersøkinga, medan det er ein skule der nokre spørsmål blei besvart av elevrådsleiar og andre spørsmål blei besvart av elevrådet i fellesskap.

Ved dei utvalde skulane har revisjonen også henta inn dokumentasjon på arbeidet med elevane sitt læringsmiljø.

Vidare har revisjonen intervjua anten kontorleiar eller skulen sin kontaktperson frå dei PPT-kontora som dei utvalde skulane er tilknytt, for å få ytterlegare informasjon om PPT sitt systemretta arbeid ved dei aktuelle skulane og andre skular i dei ulike regionane.

Det har til saman blitt gjennomført intervju med åtte personar i samband med prosjektet.

2.4.4 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervjua for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er brukt i rapporten.

Rapportutkast er sendt til fylkesrådmannen for verifisering og høyring. Faktafeil som blei påpeikt i samband med verifiseringa er retta opp i den endelege rapporten. Rådmannen sin høringsuttale er vedlagt rapporten som vedlegg 1.

2.5 Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav og forventingar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal bli vurdert opp mot. Kriteria er utleda frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå opplæringslova. Kriteria er nærare presentert i innleiinga til kvart tema, og i vedlegg 2 til rapporten.

3 Om tenesteområdet

3.1 Organisering

3.1.1 Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ei opplæringsavdeling med 35 tilsette, som er leia av fylkesdirektør for opplæring. Opplæringsavdelinga utgjer bindeleddet mellom fylkeskommunen som skuleeigar og dei vidaregåande skulane i fylket, og rektor ved kvar skule rapporterer til fylkesdirektør for opplæring. Fylkesdirektør for opplæring har også overordna ansvar for å sikre at fylkeskommunen har ei pedagogisk-psykologisk teneste i samsvar med krav i opplæringslova. Også leiarane for dei fylkeskommunale PPT-kontora rapporterer til fylkesdirektør for opplæring. Figuren under viser organiseringa av opplæringssektoren i fylkeskommunen.[2]

Figur 1: Organisasjonskart opplæringssektoren i Sogn og Fjordane fylkeskommune per 1.3.2015.



Kjelde: Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Dei ulike teama i Opplæringsavdelinga har ansvar for utviklingsarbeid, rettleiing og oppfølging av skulane, i tillegg til enkelte sentraliserte oppgåver innan sine definerte ansvarsområde. Team for skule arbeider til dømes med oppfølging av skulane, under dette arbeid med kompetanseutvikling, læringsmiljø, oppfølging av elevundersøkinga mm. Teamet har også ansvar for å førebu og delta i gjennomføringa av fylkesdirektøren sin årlege kvalitetsdialog med dei vidaregåande skulane.

3.1.2 Dei vidaregåande skulane

Det er totalt 12 fylkeskommunalt eigde vidaregåande skular i Sogn og Fjordane[3]. Av desse tilbyr to skular berre yrkesfaglege utdanningsprogram, ein skule berre studiespesialiserande utdanningsprogram og dei resterande ni skulane både yrkesfaglege og studiespesialiserande studieprogram. Skulane varierer når det gjeld tal elevar, frå 52 elevar ved Sogn jord- og hagebruksskule, til om lag 800 elevar ved Sogndal vidaregåande skule.

[2] Fagskulen i Sogn og Fjordane rapporterer til eit eige styre, og inngår difor ikkje i organisasjonskartet.
[3] Dale, Eid, Firda, Flora, Hafstad, Høyanger, Mo og Øyrane, Måløy, Sogn jord- og hagebruksskule, Sogndal, Stryn og Årdal.

3.1.3 Pedagogiske-psykologisk teneste (PPT)

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) i Sogn og Fjordane er, med unntak for kommunane Luster, Aurland, Bremanger og Selje, ei gjennomgåande PP-teneste som dekkjer behovet for PP-tenester i heile det 13-årige opplæringsløpet, samt tenester i førskulealder og i vaksenopplæring.

Sogn og Fjordane fylkeskommune eig og driv to PPT-kontor: PPT Sogndalsregionen og PPT Eid og Vågsøy. Fylkeskommunen sine PPT-kontor leverer tenester til dei vidaregåande skulane som ligg innanfor dei geografiske nedslagsfelta kontora dekkjer. Kontora sel også tenester til kommunane som ligg i desse geografiske områda. I tillegg kjøper fylkeskommunen PP-tenester frå både kommunale og interkommunale PPT-kontor, regulert av eigne samarbeidsavtalar. Totalt kjøper Sogn og Fjordane fylkeskommune PP-tenester frå seks ulike kommunale og interkommunale PPT-kontor rundt om i fylket.

Dei ulike PPT-kontora (både fylkeskommunale, kommunale og interkommunale) har ansvar for oppfølging av dei vidaregåande skulane som ligg innanfor deira kontaktområde. Kvar vidaregåande skule har vanlegvis tilgang til ein fast kontaktperson ved PPT-kontoret, som gjerne har ein fast kontordag i veka ved skulen.

3.2 Resultat i Elevundersøkinga

Resultat frå elevundersøkinga hausten 2014 viser at Sogn og Fjordane fylkeskommune på ei rekkje indikatorar som vedkjem fysisk og psykososialt læringsmiljø har resultat som er betre enn det nasjonale snittet for vidaregåande skule.[4] På andre indikatorar ligg resultatet på same nivå som det nasjonale snittet. Til dømes er snittet det same på spørsmål om eleven trivst på skulen (4,3).[5] Detaljerte svar på dette spørsmålet går fram av figuren under. Som ein kan sjå av figuren, var det ein noko større prosentdel i Sogn og Fjordane (44%) enn i landet som heile (41%) som har svart «trivst svært godt» på dette spørsmålet.

Figur 2: Trivsel på skulen. Prosent.



Kjelde: Elevundersøkinga, haust 2014

Også på fleire indikatorar knytt til *trygt miljø*, er gjennomsnittleg resultat i Sogn og Fjordane fylkeskommune høgre enn for vidaregåande skular nasjonalt. Påstanden *«De voksne på skolen har klare forventninger om hvordan vi elever skal oppføre oss mot hverandre»* har eit gjennomsnittleg resultat i Sogn og Fjordane fylkeskommune på 4,3, medan snittet nasjonalt er 4,2. På spørsmål om dei vaksne reagerer når nokon seier eller gjer noko ubehageleg/ekkelt mot ein elev, er snittet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 4,1, medan snittet nasjonalt er 4,0.

[4] I Sogn og Fjordane fylkeskommune var det hausten 2014 4120 elevar ved vidaregåande skular som blei inviterte til å svare på elevundersøkinga. Av desse svarte 3635, noko som utgjer ein svarprosent på 88,2 %.

[5] Utdanningsdirektoratet gir på Skoleporten følgjande skalaforklaring: «Skala 1-5. Høy verdi betyr positivt resultat. Unntakene er mobbing på skolen hvor lav verdi er positivt (…). Resultatene for mobbing på skolen vises også i form av andelen elever som opplever mobbing 2 eller 3 ganger i måneden eller oftere.» Skoleporten er Utdanningsdirektoratet sin nettjeneste der skular og skuleeigarar skal kunne finne relevante og pålitelige data om grunnopplæringa.

Vidare har Sogn og Fjordane fylkeskommune eit snitt på 4,0 på påstanden «*I min klasse gjer vi ikkje narr av kvarandre dersom nokon gjer feil*», medan snittet nasjonalt er 3,9.

Resultat frå elevundersøkinga hausten 2014 viser vidare at 2,7 % av elevane ved vidaregåande skular i Sogn og Fjordane har opplevd å bli gjort narr av eller erta 2 eller 3 gonger i månaden eller oftare, medan det nasjonalt er 4,2 prosent av elevane ved vidaregåande skular som har opplevd dette. Når det gjeld mobbing, svarer 1,8 % av elevane ved vidaregåande skular i Sogn og Fjordane at dei har opplevd mobbing 2 eller 3 gonger i månaden eller oftare. Tilsvarande prosentdel nasjonalt er 2,4 %.

Elevundersøkinga inneheld også nokre spørsmål knytt til fysisk læringsmiljø. Også på fleire av desse indikatorane har Sogn og Fjordane fylkeskommune eit betre gjennomsnittleg resultat enn det nasjonale snittet for vidaregåande skular. Når det gjeld kor nøgd elevane er med lufta i klasseromma er til dømes snittet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 3,1, medan snittet nasjonalt er 2,8. Svarfordelinga går fram av figuren under.

Figur 3: Lufta i klasseromma



Kjelde: Elevundersøkinga, haust 2014

Når det gjeld temperaturen i klasseromma er snittet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 2,8, medan det nasjonale snittet er 2,6. Snittet for kor fornøyd elevane er med klasseromma elles er 3,7 i Sogn og Fjordane fylkeskommune, og 3,6 nasjonalt. Snittet for kor fornøyd elevane er med lærebøker og utstyr, er 3,9 i Sogn og Fjordane fylkeskommune og 3,6 nasjonalt.

4 Skuleeigar sitt arbeid med læringsmiljø

4.1 Problemstilling

I dette kapitlet vil følgjande problemstilling bli svart på:

- *I kva grad sikrar skuleeigar at dei vidaregåande skulane i fylket arbeider systematisk med å sikre eit godt læringsmiljø for elevane?*

4.2 Revisjonskriterium

Skuleeigar sitt ansvar for å følgje opp skulane, og sikre at krav i regelverket blir oppfylte, går fram av opplæringslova § 13-10. Her står det mellom anna at:

> «Kommunen/fylkeskommunen (…) har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllast.
>
> Kommunen/fylkeskommunen (…) skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen (…) skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå desse vurderingane (…).»

I eit rundskriv frå Utdanningsdirektoratet om systemretta arbeid etter opplæringslova kapittel 9a går det fram at krav om at skuleeigar skal ha eit forsvarleg system for å vurdere om krav i regelverket blir oppfylte, inneber at:

> «(…) systemet må inneholde en oversikt over lovkrav på området – alle aktuelle lovbestemmelser på området må operasjonaliseres
> - må kartlegge innholdet i hver enkelt relevant lovbestemmelse mht rettigheter og plikter, og avgjøre hva dette innebærer for skoleeiers system.»[6]

Utfyllande revisjonskriterium på dette området går fram av vedlegg 2 til rapporten.

4.3 Datagrunnlag

4.3.1 Felles mål og føringar for skulane sitt arbeid med læringsmiljø

Frå skuleeigar blir det vist til at felles mål og strategiar for læringsmiljøet ved dei vidaregåande skulane går fram av mål- og strategidokumentet *«God – betre – best! Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012 til 2015».*[7] I det overordna strategidokumentet går det fram at det er avgjerande å oppretthalde fokus og høg kvalitet innanfor mellom anna psykososialt læringsmiljø og fysisk skulemiljø. Det går også fram av mål- og

[6] Utdanningsdirektoratet: Systemrettet arbeid etter opplæringsloven kapittel 9a, Rundskriv Udir-4-2014.

[7] Vedtatt i Fylkestinget, 17. april 2012, sak 05/12. I FU- sak 18/15 *Vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane frå 2016 - arbeid med nytt mål- og strategidokument* gjorde fylkesutvalet vedtak om å forlenge mål- og strategidokumentet for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012 – 2015, "God – betre – best!", med to år, og at det skal utarbeidast eit nytt handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016 – 2017.

strategidokumentet at fokus på elevmedverknad er viktig for dei vidaregåande skulane i fylket. I eit vedlegg til strategien, er viktigheita av eit godt læringsmiljø i den vidaregåande skulen gått gjennom og drøfta [8]. Det er mellom anna vist til lovkrav og relevant forsking på feltet, og det er lista opp følgjande kjenneteikn på eit godt læringsmiljø:

- Elevane kjenner seg verdsette og er ein aktiv del av fellesskapet.
- Elevane møter ein skule som fremjar god fysisk og psykisk helse.
- Elevane møter ein skule fri for mobbing, vald og rasisme.
- Elevane har ansvar og plikter som medspelarar i skulesamfunnet, og deltek gjennom eit aktivt elevdemokrati.
- Undervisninga er tilgjengelig for den einskilde og elevgruppa samla, både med omsyn til læremateriell, utstyr og bygningar.

Vidare er det vist til strukturelle og prosessuelle kvalitetar som er viktige i arbeidet med læringsmiljø. Fysisk miljø blir vist til som ein viktig strukturell kvalitet, og til dømes tilpassa og likeverdig opplæring, elevmedverknad og eksternt samarbeid blir vist til som viktige prosessuelle kvalitetar. Det blir også understreka at det for å skape eit godt og trygt læringsmiljø, er avgjerande at skulen har tydelege reglar, og at regelbrot blir handheva på ein konsekvent måte.

Hovudutval for opplæring har vedteke eit handlingsprogram for perioden 2012-2015[9], som følgjer opp dei overordna måla i strategidokumentet «God – betre – best!» med tiltak. I samband med oversending av dokumentasjon til revisjonen, trekk skuleeigar fram særskilte satsingsområde i handlingsprogrammet som er relatert til opplæringslova § 9a. Dei satsingane som blir trekt fram, er innan følgjande område:

- Klasseleiing
- Samfunnsrolla
- Skuleeigarrolla
- Danning

Når det gjeld klasseleiing, kjem det mellom anna fram at rektor har ansvar for ein del tiltak knytt til oppfølging av mål knytt til god klasseleiing, som bruk av mentorordning for nyutdanna lærarar, tilrettelegging for kollegabasert rettleiing, og innføring av skulevandring.

For å sikre at skuleleiinga har tilstrekkeleg kompetanse, skal rektor óg leggje til rette for deltaking på «rektorskulen» og leggje til rette for hospitering og etterutdanningstiltak. Vidare går det fram av handlingsprogrammet at rektor er ansvarleg for utarbeiding av plan for å ta i mot, støtte og følgje opp bortebuarar, etablering av samarbeid med ungdomssteget om vurdering i gjennomgåande fag og ansvar for å gjere kompetansemål og vurderingskjenneteikn kjend blant elevar og lærarar.

På Sogn og Fjordane fylkeskommune sin læringsplakat, som gir oversikt over kva prinsipp fylkeskommunen skal ha for opplæring, står det at skulen og lærebedrifta skal *«sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring».*[10]

Frå skuleeigar blir det vidare vist til Kvalitets- og rutinehandboka for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane som sentral i samband med kravet om at skuleeigar skal sikre at krav i regelverket blir innfridd. Det blir peikt på ulike område i Kvalitets- og rutinehandboka som omhandlar læringsmiljøet. Mellom anna gjeld dette rutinen «*Elevane sitt skulemiljø, Kap. 9a og 11 i Opplæringslova.»*[11] I dette dokumentet er det kort vist til dei overordna krava i regelverket og lovheimel. Vidare er det lagt inn lenkje til aktuelle rettleiarar, rundskriv mv. frå Utdanningsdirektoratet. Det ligg også inne ei lenkje til mal for enkeltvedtak.

Det blir også vist til ei rekkje andre rutinar i Kvalitets- og rutinehandboka som omhandlar læringsmiljøet. Mellom anna:

---

[8] *Kjenneteikn på kvalitet i vidaregåande opplæring*. Vedlegg 1 til mål- og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015. Vedtatt i Fylkesting, 17. april 2012, sak 05/12.
[9] *Handlingsprogram for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015.* Vedtatt i Hovudutval for opplæring, 13. juni 2012, sak 15/12.
[10] Frå *Kjenneteikn på kvalitet i vidaregåande opplæring*. Vedlegg 1 til mål- og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015. Vedtatt i Fylkesting, 17. april 2012, sak 05/12
[11] Sogn og Fjordane fylkeskommune: Elevane sitt skulemiljø, Kap. 9a og 11 i Opplæringslova.. versjon nr 2, dato endra 6.1.2014.

- *Bortvising – elevar*[12]: Av rutinen framgår fullmakt til og kriterium for bortvising av elevar, samt lovgrunnlag og lenkje til ordensreglementet.
- *Elevmedverknad - råd og utval*[13]*:* Av rutinen går det fram at elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skulen. Vidare blir det vist til at det skal etablerast elevråd, skuleutval og skulemiljøutval. Det er vist til lovgrunnlag og rettleiar frå Kunnskapsdepartementet.
- *Elev- og lærlingundersøkinga*:[14] Når det gjeld elevundersøkinga går det fram at undersøkinga er frivillig, men at skulane skal informere om denne og at den skal gjennomførast på VG1. Det er vist til forskrift til opplæringslova og til Utdanningsdirektoratet si nettside.
- *Mobbing*:[15] Det blir vist til kjenneteikn på mobbing, at kapitel 9a i opplæringslova gir alle elevar rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring, samt at skuleeigar og skulen har tydelege plikter når det gjeld rutinar og tiltak. Det går ikkje eksplisitt fram kva som inngår i desse pliktene. Det er vist til lovgrunnlag og aktuelle lenkjer på nettet.

Det føreligg ikkje overordna fylkeskommunale retningsliner eller andre dokument der krava i opplæringslova kapittel 9a er operasjonalisert, eller malar mv. som til dømes viser korleis skulane kan arbeide for å operasjonalisere desse krava og setje mål for læringsmiljøet ved skulen. Det føreligg heller ikkje dokumentasjon på at skuleeigar har kartlagt innhaldet i kapittel 9a med omsyn til rettar og plikter og vurdert kva dette inneber for skuleeigar sitt forsvarlege system, utover at det i fleire rutinar i Kvalitets- og rutinehandboka er vist til krav i oppll. kapittel 9a.

I årleg ansvarsbrev frå fylkesdirektøren til den einskilde skule ved rektor blir det gitt informasjon og føringar knytt til budsjett og økonomiske rammer. I eit døme på ansvarsbrev som revisjonen har fått tilsendt[16], er det vist til fylkeskommunen sitt styringssystem, og blir mellom anna bedt om at rektor legg vedteke målekart og tilhøyrande styringssignal til grunn for sektoren sine prioriteringar. Vidare går det fram at alle skulane skal ha levande utviklingsplanar som er forankra i *God-betre-best!* og tilhøyrande handlingsprogram. Revisjon av skulane sine utviklingsplanar skal vere gjennomført etter at nytt handlingsprogram er vedteke. Når det gjeld risikovurderingar, går det fram at rektor har ansvar for å gjennomføre risikovurdering for sin skule, og basert på denne ved behov utarbeide handlingsplan med tiltak for å redusere sannsynet for at feilen skjer og/eller redusere konsekvensane av feil som likevel måtte skje. Det er i ansvarsbrevet vist til felles mål for gjennomføring i vidaregåande opplæring, og stilt krav til skulen om rapportering i den samanheng. Det er ut over dette ikkje gitt eksplisitte føringar eller stilt eksplisitte krav knytt til arbeidet med læringsmiljø ved skulen.

Vidare blir det opplyst at fylkesdirektøren gjennom den årlege styringsdialogen med den einskilde skule (sjå kapittel 4.3.2 under) ønskjer å gje tydelege styringssignal og å vere ein pådrivar i kvalitets- og utviklingsarbeid ved skulane.

I spørjeundersøkinga til rektorane ved dei tolv vidaregåande skulane i fylkeskommunen, kjem det fram at sju rektorar i stor grad opplever at det blir stilt krav frå skuleeigar til skulen sitt arbeid for å sikre godt læringsmiljø. Fem rektorar opplever at det i nokon grad blir stilt krav til arbeidet skulen gjer for å sikre eit godt læringsmiljø. Svarfordelinga går fram av figuren under.

[12] Sogn og Fjordane fylkeskommune: Bortvising – elevar. Versjon nr. 1, dato endra 21.1.2013.
[13] Sogn og Fjordane fylkeskommune: Elevmedverknad - råd og utval. Versjon nr. 1, dato endra 21.1.2013.
[14] Sogn og Fjordane fylkeskommune: Elev- og lærlingundersøkinga. Versjon nr. 1, dato endra 21.1.2013.
[15] Sogn og Fjordane fylkeskommune: Elev- og lærlingundersøkinga. Versjon nr. 1, dato endra 21.1.2013.
[16] Sogn og Fjordane fylkeskommune: Ansvarsbrev - Ansvar 210 Årdal vidaregåande skule. Budsjett for våren 2015 og økonomiske rammer for skuleåret 2014-2015. 27.04.2015.

Figur 4: I kva grad stiller Opplæringsavdelinga krav til skulen sitt arbeid for å sikre eit godt læringsmiljø? (N=12)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar

I intervju med rektorane ved dei tre utvalde skulane kjem det fram at rektorane opplever at fylkeskommunen har definert sentrale element i læringsmiljøarbeidet i dei vidaregåande skulane gjennom overordna mål- og strategidokument. Samtidig blir det frå to av dei tre rektorane kommentert at dei saknar meir felles føringar og system for korleis dei ulike skulane i fylket skal følgje opp og arbeide med dei sentrale elementa i strategien. Det blir opplyst at rektor per i dag i stor grad må ta ansvar for utarbeiding av eigne system for oppfølging av skule- og læringsmiljø, og at det ikkje er gitt felles føringar eller rettleiing frå skuleeigar når det gjeld korleis systema bør byggjast opp. Dei to rektorane trekk fram at skuleeigar gjerne kunne ha hatt tydelegare fokus på korleis skulane skal følgje opp dei lovpålagte oppgåvene på området, og ei meir praktisk retta tilnærming til kva arbeid skulane skal gjere for å klare å utføre desse oppgåvene på tilstrekkeleg vis.

Frå skuleeigar blir det vist til at det på nokre område har blitt formidla meir praktisk retta mål, føringar og forventningar til dei vidaregåande skulane. Mellom anna blir det vist til at skulane skal ha folkehelsegrupper og miljøkoordinator, og at desse er involvert i arbeidet med skule- og læringsmiljø. Det er utarbeidd ein eigen rutine for miljøkoordinator i Kvalitets- og rutinehandboka. Her går det fram at ordninga med miljøkoordinator er eit sosialpedagogisk tiltak ved dei vidaregåande skulane, og at miljøkoordinator har tre hovudarbeidsområde:

- Førebyggande arbeid
- Kontaktskapande arbeid
- Sosialpedagogisk arbeid

Vidare går det fram at kvar rektor/skule må definere arbeidsoppgåvene til miljøkoordinator, ut frå den enkelte skule sitt behov. Det er også vist til felles retningsliner for miljøkoordinator sitt arbeid, der det mellom anna blir peikt på ulike oppgåver miljøkoordinator bør vere involvert i.

Frå skuleeigar blir det også vist til at det er formidla klare forventningar når det gjeld skulane si oppfølging av Elevundersøkinga. Slike forventningar blir formidla i samband med styringsdialogen med dei vidaregåande skulane og gjennom ulike tema for rektormøte.

I brev frå fylkesdirektør for opplæring til alle rektorane[17] blir det også vist til eit felles tiltak i arbeidet med psykisk helse i vidaregåande skule. Det blir informert om at fylkeskommunen i samarbeid med Helse Førde har etablert ei faggruppe som tilbyr ein «fyrstehjelpspakke» i arbeidet med psykisk helse. Tilbodet er retta mot elevar på VG1 og tilsette ved skulane. Det aktuelle tilbodet har vore gjennomført over dei to siste åra, og frå fylkesdirektøren blir skulane gjennom brevet oppmoda om å nytte seg av tilbodet komande skuleår.

4.3.2 Skuleeigar si oppfølging av arbeidet med læringsmiljø ved skulane

Det blir opplyst at skuleeigar nyttar den årlege elevundersøkinga frå Utdanningsdirektoratet som ei hjelp til å analysere og utvikle læringsmiljø i dei vidaregåande skulane i fylket. I årsrapport 2014 for Sogn og fjordane fylkeskommune blir det under kapittelet om *opplæring*[18] presentert mål, indikatorar og resultat frå målekartet. Her

[17] Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesdirektør for opplæring: Arbeid med psykisk helse i vidaregåande skule. Brev til alle rektorane. 26.5.2015.

[18] Følgjande går fram av årsrapporten: «Med heimel i opplæringslova § 13-10 er fylkeskommunen som skuleeigar pålagd å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i den vidaregåande opplæringa. Tema skal vere læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. (…) Årsrapport 2014 dekkjer krava som ligg til ein slik tilstandsrapport.» Side 39.

går det fram at «læringsmiljø» er ein suksessfaktor, med «trivsel i vidaregåande opplæring» som ein tilhøyrande måleindikator. Ambisjonsnivået er eit gjennomsnittleg resultat på > 4,4 (på ein skala frå 1 til 5) i elevundersøkinga.[19] Det blir oppgitt eit evalueringsresultat på 4,3, og kommentert at ambisjonsnivået ikkje er nådd. Det blir samtidig vist til at *«fylkesdirektøren vurderer tilbakegangen som svært liten, og det er uråd å identifisere faktorar som gir utslag»*.[20]

Frå skuleeigar blir det vidare vist til den årlege styringsdialogen med alle dei vidaregåande skulane som ein sentral arena for å følgje opp skulane sitt arbeid med læringsmiljø. Ved kvar skule blir det arrangert eit dagsmøte der opplæringsdirektør og tilsette i Opplæringsavdelinga møter skuleleiing, tillitsvalde ved skulen og elevrepresentantar. Besøket begynner med eit fellesmøte der alle nemnde grupper deltar, deretter er det eit møte med leiargruppa, før fylkesdirektøren til slutt har utviklingssamtale med rektor.[21] Frå 2013 har elevane blitt inviterte til å melde tema dei ønskjer å drøfte i samband med fellesmøtet. Dei førehandsdefinerte temaa for fellesmøtet på alle skulane i 2013 var gjennomføring i vidaregåande opplæring, og trivsel og meistring (psykisk helse, trivsel og karakterutvikling). Vidare går det fram at mellom anna resultat frå elevundersøkinga på området mobbing på skulenivå blei sendt over til skulane i forkant av møtet, for å utgjere ein del av grunnlaget for drøftingane på fellesmøtet.

I rapport frå skulebesøka 2013[22] blir det vist til at resultat frå elevundersøkinga over tid har vist høg trivsel og lite mobbing blant elevane. Samtidig blir det vist til at både elevane og skuleleiinga er særleg merksame på at nettmobbing er vanskeleg å avdekke. Blant innmeldte tema frå elevane var mellom anna helse og miljø. Ifølgje rapporten merkar fylkesdirektøren seg at god dialog mellom skuleleiing, lærarar og elevar er avgjerande for trivsel og utvikling av eit godt læringsmiljø for elevane, og det blir vist til at elevane sine rettar blir sikra gjennom god dialog og gode rutinar for oppfølging av det psykososiale arbeidsmiljøet. Vidare blir det vist til at fylkesdirektøren gjennom besøka får innsyn i om fylkeskommunen lukkast med å nå målsetnadene som er sett i styringsdokument både nasjonalt og på fylkesnivå.

Rektorane ved dei tre utvalde skulane stadfestar at læringsmiljø er tema i dei årlege skulebesøka, og det blir vist til at skulebesøka blir brukt mellom anna til oppfølging av den enkelte skule sine resultat i elevundersøkinga. Alle dei tre intervjua rektorane opplever at desse møta fungerer godt som arena for å diskutere læringsmiljø, og at dialogen med skuleeigar er god.

Ein annan sentral møtearena er rektormøta som blir gjennomført om lag ein gong per månad med utgangspunkt i oppsett plan. Møta er organisert over to dagar, der rektorane i regionane er ansvarlege for innhaldet den første dagen og fylkesdirektør for opplæring den andre dagen. I intervju blir det vist til at læringsmiljø har vore tema på rektormøta ved enkelte høve, men at desse møta som regel har ein fastsatt agenda med lite tid og moglegheit til å ta opp tema etter rektorane sine ønskje. Det blir trekt fram av dei intervjua rektorane at det over det heile eksisterer få arenaar og forum der skulen kan ta opp læringsmiljø som tema med skuleeigar, og omvendt.

I spørjeundersøkinga kjem det fram at fem rektorar i stor grad opplever at skuleeigar følgjer opp og/eller etterspør informasjon om skulen sitt arbeid for å sikre eit godt læringsmiljø. Seks rektorar opplever at dette i nokon grad er tilfellet, medan éin rektor opplever at skuleeigar i liten grad følgjer opp og/eller etterspør informasjon om skulen sitt arbeid med læringsmiljøet. Svarfordelinga går fram av figuren under.

---

[19] Utdanningsdirektoratet gir på Skoleporten følgjande skalaforklaring: «Skala 1-5. Høy verdi betyr positivt resultat. Unntakene er mobbing på skolen hvor lav verdi er positivt og andel elever som opplever mobbing som viser andelen elever (prosent).» Skoleporten er Utdanningsdirektoratet sin nettjeneste der skular og skuleeigarar finn relevante og pålitelige data om grunnopplæringa.
[20] Sogn og Fjordane fylkeskommune. Årsrapport 2014. Side 45.
[21] Skulebesøk 2013. Informasjonsskriv frå fylkesdirektør til alle rektorane. 11.9.2013.
[22] Sogn og Fjordane fylkeskommune: Rapport frå skulebesøka 2013. Notat frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet. 4.2.2014.

Figur 5: I kva grad følgjer Opplæringsavdelinga opp og/eller etterspør informasjon om skulen sitt arbeid for å sikre eit godt læringsmiljø? (N=12)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar

Frå skuleeigar blir det vist til Fylkesmannen i 2011 gjennomførte tilsyn etter oppll. kapittel 9a ved fire av dei vidaregåande skulane:

- Sogndal vidaregåande skule (pålegg om endring knytt til individretta arbeid og brukarmedverknad)
- Høyanger vidaregåande skule (ingen pålegg om endring)
- Flora vidaregåande skule (ingen pålegg om endring)
- Hafstad vidaregåande skule (pålegg om endring knytt til førebyggjande arbeid og internkontroll, individretta arbeid og brukarmedverknad)

Tilsyna der det blei gitt pålegg om endring blei avslutta etter tilbakemelding om tiltak frå fylkeskommunen. Ved Hafstad vidaregåande skule blei det gjennomført eit oppfølgingstilsyn hausten 2013. Også i dette tilsynet blei det gitt pålegg om retting knytt til både førebyggjande arbeid, individretta arbeid og brukarmedverknad. Tilsynet blei avslutta etter tilbakemelding om tiltak frå fylkeskommunen.

Frå skuleeigar blir det vist til at tilsynsrapportane og konklusjonane blei gjort kjende for resten av skulane, og var tema både på rektormøte og i skulebesøka i etterkant. Det er ikkje bedt om skriftleg rapportering frå skulane når det gjeld etablering av system for å oppfylle krav i oppll. kapittel 9a, og det blir vist til at dette blir vurdert å vere dekka av Kvalitets- og rutinehandboka.

4.4 Revisjonen si vurdering

Undersøkinga viser at viktigheita av å arbeide med elevane sitt læringsmiljø er tydeleg vektlagt frå skuleeigar si side, både gjennom felles overordna mål og utdjuping av viktigheita av dette arbeidet gjennom felles strategidokument. Temaet har også stått i fokus i dei årlege skulebesøka som opplæringsdirektøren gjennomfører, mellom anna gjennom analysar og drøftingar av resultat i Elevundersøkinga. Gjennom kvalitetssystemet er det også tydeleggjort kva krav som er stilt i regelverket når det gjeld læringsmiljø, og lagt til rette med lenkjer til både regelverk og utfyllande føringar på området.

Samtidig er det ikkje etablert konkrete system for å følgje opp og kontrollere i kva grad skulane oppfyller dei spesifikke krava til å arbeide kontinuerleg og systematisk med elevane sitt skulemiljø. Skuleeigar har ikkje gjort ei operasjonalisering av krava som går fram av oppll. kapittel 9a, for å tydeleggjere kva desse krava inneber av rettar og plikter, eller kva system, rutinar, planar mv. det er forventa at skulane må ha på plass for å oppfylle lovkrava om systematisk og kontinuerleg arbeid med elevane sitt skulemiljø. Revisjonen kan basert på dette ikkje sjå at fylkeskommunen sitt forsvarlege system knytt til oppll. kapittel 9a i tilstrekkeleg grad oppfyller krava til eit forsvarleg system etter oppll. § 13-10, slik krava er presisert i rundskriv Udir-4-2014. Denne vurderinga må også sjåast i lys av revisjonen sine vurderingar i kapittel 5.4, der det går fram at funn i undersøkinga indikerer at ikkje alle skulane i tilstrekkeleg grad oppfyller krava til systemretta arbeid etter oppll. § 9a-4. Revisjonen vil i den samanheng presisere skuleeigar sitt ansvar slik det mellom anna er skildra av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i fleire tilsynsrapportar:

> «Sjølv om opplæringslova legg ansvaret på skuleleiinga for den daglege gjennomføringa og etterlevinga av dei kontrollerte reglane, er det kommunen som har det overordna ansvaret. Det er kommunen som skuleeigar som må syte

> for at skuleleiinga ved kvar skule etterlever krava og pliktene i lova, og at dei tilbyr tenestene og aktivitetane som lova omtalar.»[23]

Undersøkinga viser at det per i dag i stor grad er opp til kvar skule å gjere ei vurdering av kva lovkrava på området medfører av rettar og plikter, og vurdere kva system og rutinar som må etablerast for å ivareta desse rettane og pliktene på ein god måte. Dette medfører at det kan vere til dels store variasjonar mellom skulane når det gjeld kva system som er utarbeidd (sjå kapittel 5). System- og rutineutviklinga på eit meir detaljert nivå enn dei overordna rutinane som inngår i Kvalitets- og rutinehandboka, framstår i dag ikkje som ein koordinert og styrt prosess. I tillegg til å medføre ein risiko for manglande regeletterleving, meiner revisjonen at denne praksisen inneber ei lite føremålstenleg ressursutnytting. Revisjonen meiner at beste praksis og gode rutinar bør delast og gjerast til felles rutinar i større utstrekning enn i dag. Då vil ein i større grad sikre at rutinar er dekkande og oppdaterte i forhold til gjeldande regelverk og at beste praksis blir gjort gjeldande ved alle skulane.

[23] Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: *Tilsynsrapport frå oppfølgingstilsyn. Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø. Sogn og Fjordane fylkeskommune. Hafstad vidaregåande skule. 2013.* 22.11.2013. Side 3.

5 Skulane sitt arbeid for å sikre godt læringsmiljø

5.1 Problemstilling

I dette kapitlet vil følgjande problemstilling bli svart på:

- *I kva grad driv skulane eit systematisk og kontinuerleg arbeid for å sikre eit godt læringsmiljø for elevane?*

5.2 Revisjonskriterium

Krav til elevane sitt skulemiljø går fram av opplæringslova kapittel 9a. Av § 9a-1 går det overordna kravet fram:

> «Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.»

Vidare omhandlar § 9a-2 spesifikke krav til det fysiske miljøet, mens § 9a-3 omhandlar krav til det psykososiale miljøet. Her går det mellom anna fram at skulen *«aktivt og systematisk [skal] arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.»*

I opplæringslova § 9a-4 blir det stilt krav om systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, der *«Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane,…»*

I § 9a-5 blir det stilt krav om elevdeltaking i skulemiljøarbeidet, og § 9a-6 omhandlar informasjonsplikt og ulike organ sin rett til å uttale seg om skulemiljøet.

I eit rundskriv frå Utdanningsdirektoratet blir krava til skulane sitt systemretta arbeid knytt til kapittel 9a i opplæringslova gjennomgått.[24] Her blir det mellom anna vist til at ein sentral føresetnad i det systematiske arbeidet på dette området er at *«(…) skolen omsetter kravene i kapittel 9a til konkrete mål og handlinger. Skolen må ha planer og rutiner for hvordan elevens rett skal oppfylles.»* Skulane skal kunne dokumentere skriftleg kva som skal gjerast, korleis det skal bli gjort, kven som skal gjere det, kva tid det skal bli gjort og kva som faktisk blir gjort. Dette inneber at det må føreliggje ein del skriftlege rutinar som sikrar at arbeidet er målretta og systematisk.

Utfyllande revisjonskriterium på dette området går fram av vedlegg 2 til rapporten.

5.3 Datagrunnlag

5.3.1 Kartlegging og vurdering av faktorar som er viktige for læringsmiljøet ved skulane

I spørjeundersøkinga til rektorar opplyser åtte av tolv rektorar at skulen har operasjonalisert krava til elevane sitt skulemiljø som går fram av opplæringslova kapittel 9a, for å tydeleggjere kva krava faktisk betyr for skulen. Dei øvrige fire rektorane svarer at skulen delvis har operasjonalisert desse krava. Undersøkinga viser vidare at sju av tolv rektorar er *heilt einig* i ein påstand om at skulen har «tydelege planar og rutiner for korleis elevane sin rett etter kapittel 9a i opplæringslova skal oppfyllast». Fem av rektorane er *delvis einige* i påstanden.

[24] Utdanningsdirektoratet. *Systemrettet arbeid etter opplæringsloven kapittel 9a.* Rundskriv Udir-4-2014. Publisert: 21.05.2014

Ifølgje rektorane sine svar i spørjeundersøkinga, har halvparten av skulane kartlagt kva som er skulen sine viktigaste utfordringar og risikoar når det gjeld læringsmiljø. Tre skular har delvis kartlagt utfordringar og risikoar, medan tre skular ikkje har gjennomført slik kartlegging. Figuren under viser svarfordelinga.

Figur 6: Har skulen kartlagt kva som er skulen sine viktigaste utfordringar og risikoar når det gjeld læringsmiljøet? (N=12)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar

I opne svarfelt i spørjeundersøkinga opplyser fleire av rektorane om kva aktivitetar og/eller prosessar skulen har gjennomført for å kartlegge utfordringar og risikoar ved læringsmiljøet. Her blir gjennomføring av årleg elevundersøking og oppfølging av resultat frå denne, samt folkehelseundersøking ved skulen nemnt av fleire rektorar. Kartlegging av fysisk skulemiljø (måling av temperatur, vernerundar, risikovurdering i skulebygg) blir også nemnt.

I intervju med rektorane ved dei tre utvalde skulane, kjem det fram at dei tre skulane gjennomfører kartleggingar av ulike slag, men at det er noko variasjon når det gjeld kva aktivitetar som blir gjennomført for å kartlegge utfordringar og risikoar. Blant dei aktivitetane som blir nemnt, og som blir omtalt som sentrale for å kartlegge utfordringar ved læringsmiljøet, er følgjande:

- Læringsmiljø er fast tema i ulike møte ved skulane som involverer både leiing, lærarar, elevar og foreldre. Mellom anna blir resultat frå Elevundersøkinga drøfta i ulike fora ved alle dei tre skulane.
- Det blir gjennomført halvårlege eller årlege undervisningsevalueringar.
- Ein skule har utarbeidd ei eiga undersøking for vurdering av læringsmiljøet i klassane, med spørsmål som til dømes «Kjenner du deg trygg i gruppa?», «Tykkjer du at eg som lærar har evne til å fange opp signal frå gruppa eller frå einskildelevar?», «Hender det at eg uttrykkjer meg sårande eller spydig?».
- Ved ein skule blir det gjennomført ei årleg spørjeundersøking blant VG3-elevane ved skulen, der det mellom anna blir stilt spørsmål om elevane sitt utbytte av tida ved skulen.
- Gjennomgang av dei fysiske tilhøva ved skulen, for å kartlegge eventuelle behov for utbetringar.

Det er ikkje utarbeidd rutinar eller retningsliner for korleis skulane skal kartleggje læringsmiljøet og gjennomføre risikovurderingar. Det er heller ikkje for nokon av dei tre skulane utarbeidd eigne oversikter og eller dokument som samanfattar kartleggingar og risikovurderingar, og som tydeleggjer kva som er vurdert å vere skulen sine viktigaste utfordringar og risikoar knytt til læringsmiljø. Dette går likevel til dels fram av ulike dokument som er relatert til skulane sitt arbeid med læringsmiljø.

Fleire av rektorane nemner Elevundersøkinga og oppfølging av resultat frå denne som ein viktig aktivitet for kartlegging av utfordringar og risiko innanfor læringsmiljøet i skulen. Resultat frå spørjeundersøkinga viser at åtte av tolv skular *i stor grad* nyttar resultat frå Elevundersøkinga til vurdering og oppfølging av risikoar knytt til læringsmiljøet. Ein skule gjer dette *i liten grad*, medan tre skular *i nokon grad* nyttar resultat frå Elevundersøkinga til vurdering og oppfølging av risikoar knytt til læringsmiljøet. Figuren under viser svarfordelinga.

Figur 7: I kva grad nyttar skulen resultat frå Elevundersøkinga til vurdering og oppfølging av risikoar knytt til læringsmiljøet? (N=12)



Kjelde: spørjeundersøking til rektorar

På spørsmål i spørjeundersøkinga om kva rektor oppfattar som dei største utfordringane og/eller risikoane knytt til læringsmiljøet ved skulen, blir tydeleg klasseleiing trekt fram av fleire rektorar som utfordrande. Høgt elevfråvær, store klassar som er utfordrande for ein lærar å følgje opp, og haldningsarbeid knytt til mobbing og rus blir óg trekt fram som utfordrande område som rektorane opplever det er viktig å arbeide med. I intervju blir det også vist til psykiske vanskar og emosjonelle utfordringar blant elevane som utfordrande område når det gjeld læringsmiljøarbeidet, i tillegg til utfordringar knytt til høgt fråvær og motivasjon.

5.3.2 Mål, planar og tiltak for godt læringsmiljø ved skulane

Mål for læringsmiljøarbeidet

Ifølgje rektorane sine svar i spørjeundersøkinga, har sju av skulane *i stor grad* sett seg konkrete mål for læringsmiljøet og læringsmiljøarbeidet, medan fem skular *i nokon grad* har sett seg konkrete mål for dette arbeidet. Figuren under viser svarfordelinga.

Figur 8: I kva grad har skulen sett seg konkrete mål for læringsmiljøet og læringsmiljøarbeidet? (N=12)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar

Ifølgje rektorane er mål for læringsmiljøet og læringsmiljøarbeidet skriftleg dokumentert ved åtte av tolv skular, medan måla opplysast å vere *delvis* skriftleg dokumentert ved dei resterande fire skulane.

Dei tre utvalde skulane har utarbeidd mål for læringsmiljø gjennom sine utviklingsplanar. Desse måla er i varierande grad operasjonalisert. Ved to av skulane er det i tillegg utarbeidd temavise handlingsplaner som er relatert til læringsmiljø, og som inneheld mål og/eller viktige område som skulen skal arbeide med.

Mål for læringsmiljøarbeidet

I Firda vgs sin utviklingsplan, heiter det at skulen skal *«skape eit arbeidsmiljø som fremjar læring, trivsel og samarbeid for både elevar og tilsette»*. Planen inneheld ikkje ei tydeleg operasjonalisering av dette overordna målet, men inneheld ei rekkje tiltak og aktivitetar som skal gjennomførast på kort og lang sikt. Tidspunkt og ansvarleg er oppgitt. Skulen har i tillegg *Handlingsplan for folkehelse 2015 – 2017, Handlingsplan mot rus* og *Handlingsplan for auka frammøte*, som definerer mål og/eller viktige område skulen skal jobbe med på desse områda.

I utviklingsplanen til Dale vgs står det at prinsippa for opplæring ved skulen byggjer direkte på innhaldet i fylkeskommunen sin Læringsplakat, og at skulen vil «*sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring»*. Det går også fram at skulen over tid har hatt gode resultat på Elevundersøkinga, men at skulen *«(…) likevel [må] ha kontinuerleg fokus på å sikre eit inkluderande miljø der alle kan finne sin plass. Det fremjar trivsel, førebyggjer mobbing, skaper grunnlag for læring, og er med på å sikre god gjennomføring (…).»* Til slutt i utviklingsplanen er det definert ulike målsetningar og tiltak, med gjennomføringsperiode og ansvarleg. Blant måla er «Eit godt psykososialt læringsmiljø/ Elevmedverknad». Dale vgs har i tillegg ein eigen *Handlingsplan for fysisk og psykisk helsearbeid v/Dale vgs*, der mål relatert til elevane sitt fysiske og psykiske miljø er operasjonalisert. Planen er utarbeidd av folkehelsegruppa ved skulen, og måla blir omtala som mål for folkehelsearbeidet. Hovudmåla for folkehelsearbeidet ved skulen er følgjande:

- å setje fokus på område som er viktige for elevane si helse, både psykisk og fysisk.
- å sikre at ingen elevar vert mobba (nulltoleranse for mobbing/rasisme).
- å jobbe for at elevane skal trivast og ha eit godt læringsmiljø.

Vidare går følgjande delmål fram av planen:

- Auka fysisk aktivitet.
- At elevane skal få kunnskap om skadeverknadene ved bruk av røyk og rusmiddel.
- At elevane skal verte meir medvitne på eige kosthald.
- At elevane sjølve kan gripe tak i konfliktar/problem og løyse desse på lågast mogleg nivå.

Sogndal vgs har ein utviklingsplan som per månadsskiftet mai/juni 2015 ber preg av å ikkje vere ferdigstilt, då den inneheld både spørsmål og felt som ikkje er fylt ut. Den er også meir kortfatta og punktvis utforma enn ved dei to andre skulane. Når det gjeld mål for læringsmiljø, er imidlertid måla i større grad operasjonalisert i utviklingsplanen her enn ved dei to andre skulane. Av utviklingsplanen går det fram at skulen «skal vidareutvikle det psykososiale og det fysiske miljøet». Dette målet er vidare brote ned og operasjonalisert i følgjande mål:

- *Kartleggje og arbeide systematisk med å betre læringsmiljøet i klasser og grupper.*
- *Mobbefri skule. Alle tilsette og elevar har plikt til å gripe inn ved tilløp til mobbing.*
- *Vi legg til rette for eit aktivt og utviklande skulemiljø, der vi og nyttar skulen om ettermiddagen og kvelden.*
- *Vere ein leiande skulen på Vestlandet i å drive skulen på ein berekraftig og miljømessing god måte der tilsette og elevar er medvitne si rolle.*

Det blir opplyst at Sogndal vgs siste skuleår har starta eit prosjekt på læringsmiljø. I dokumentet «utviklingstekst 1 læringsmiljø» som skildrar dette arbeidet blir det vist til følgjande mål med prosjektet: *«Skulen vil oppnå eit betre læringsmiljø i klassene på skulen, som skal byggje opp om den einskilde elev, slik at alle får ut sitt potensial. Me vil ha fleire trygge elevar både fagleg og sosialt når prosjektet er gjennomført og blitt implementert i skulen.»* Det er oppgitt spesifikke kriterium for måloppnåing.

Planar og tiltak for å sikre eit godt læringsmiljø

I spørjeundersøkinga til rektorane svarer fem rektorar at skulen har utarbeidd skriftlege planar for korleis måla knytt til elevane sitt læringsmiljø skal nåast. Ved seks av skulane er det *delvis* utarbeidd slike skriftlege planar, medan ein skule ikkje har skriftlege planar for korleis måla knytt til elevane sitt læringsmiljø skal nåast. Svarfordelinga går fram av figuren under.

Figur 9: Har skulen utarbeidd skriftlege planar for korleis måla knytt til elevane sitt læringsmiljø skal nåast? (N=12)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar

I spørjeundersøkinga svarer vidare ni av elleve rektorar som har svart på spørsmålet, at skulen *i stor grad* har sett i verk konkrete tiltak for korleis skulen skal nå dei måla som er sett for elevane sitt læringsmiljø. Ved to skular er dette *i nokon grad* gjort, ifølgje rektorane.

Ved alle dei tre utvalde skulane er det utarbeidd utviklingsplanar som mellom anna inkluderer tema knytt til skulane sitt arbeid med læringsmiljø. I alle utviklingsplanane inngår ein tabell der tiltak, tidsperiode, ansvarleg mv. skal fyllast ut. Denne delen av planen er fylt ut ved to av dei tre skulane. Dei same to skulane har også fleire tematiske handlingsplanar som blir opplyst å vere sentrale i skulen sitt arbeid for å nå måla knytt til elevane sitt læringsmiljø, og som inneheld ei rekkje tiltak. Alle dei tre skulane har ulike rutinar og retningsliner som skildrar aktivitetar som ifølgje rektorane er del av skulane sitt arbeid med læringsmiljøet. Ved ein av skulane er rutinane samla i ei eiga rutinehandbok.

Planar og tiltak for å nå mål knytt til læringsmiljøet

Firda vgs har i tillegg til utviklingsplanen utarbeidd handlingsplanar for folkehelse, auka frammøte og rus. I handlingsplanen for folkehelse blir det fokusert spesielt på psykisk helse blant elevane, og det blir skissert ei rekkje tiltak for korleis skulen skal arbeide med psykisk helse som eit ledd i arbeidet med godt læringsmiljø. I handlingsplanen for auka frammøte er det mellom anna utarbeidd rutinar for skulen si oppfølging av elevar med høgt fråvær. Handlingsplan mot rus skisserer både mål og tiltak for korleis skulen skal klare å vere ein rusfri skule. Planane inneheld i hovudsak informasjon om ansvarlege og tidspunkt for gjennomføring. Rektor ved Firda vgs. viser til at handlingsplanane skulen har utarbeidd i stor grad baserer seg på vurderingar av kva som er sentral utfordringar og problem relatert til læringsmiljøet ved skulen. Døme på tiltak som blir trekt fram i dei ulike planane er årleg hybelkurs for oppfølging av hybelbuarar, open skule på ettermiddagar som tiltak for godt skulemiljø, og særskilt oppfølging av klassemiljø frå kontaktlærarane. I tillegg til dei nemnde planane er det utarbeidd enkelte rutinar og malar som skildrar aktivitetar som inngår blant skulen sine tiltak for å sikre eit godt læringsmiljø. Til dømes skjema for undervisningsvurdering, skjema for spørjeundersøking blant VG3-elevar, og rutinen *Kontaktlærar – første møte med elevane VG1*. *Rutinar for mobbing*, *Rutinar ved trugsmål mot elevar, tilsette og skule* mv. inngår i skulen sin krise- og beredskapsplan.

Ved Dale vgs er det i tillegg til utviklingsplanen utarbeidd handlingsplan for fysisk og psykisk helsearbeid og handlingsplan mot mobbing. Begge planane spesifiserer mål og tiltak for korleis Dale vgs skal sikre eit godt fysisk og psykososialt læringsmiljø, som også er mobbefritt. I planane er det også gjort greie for kven ved skulen som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka, samt kva tid tiltaka skal gjennomførast. Som døme på tiltak blir det vist til at det blir halde open skule på ettermiddag og kveld, det å sørge for fellesopplevingar som skaper identitet, hybelbesøk med miljøkoordinator, fadderordning for VG1-elevar, informasjonsmøte om skulen sitt hjelpeapparat, og ulike aktivitetsdagar med idrett og andre sosiale aktivitetar. I tillegg til dei nemnde planane er det utarbeidd ulike rutinar og retningsliner som skildrar aktivitetar som inngår blant skulen sine tiltak for å sikre eit godt læringsmiljø. Til dømes *Samarbeid med Oppfølgingstenesta*, *Årshjul rutinar miljøkoordinator*, *Rådgjevar årshjul*, *Årshjul for samarbeidet mellom Dale vgs og ungdomsskulane i HAFS*, *Trygg russetid, Gjennomføring av mottakssamtalen, Elevundersøkinga: Oppfølging i klassane* og *Psykisk helse.*

Ved Sogndal vgs er det ikkje utarbeidd handlingsplanar eller liknande som synleggjer korleis skulen skal arbeide får å nå måla som er sett for læringsmiljøet. Skulen har imidlertid skriftlege rutinar og planar for ulike spesifikke aktivitetar og tiltak som blir opplyst å vere sentrale i skulen sitt arbeid med læringsmiljø. Som eit sentralt tiltak blir det vist til tett oppfølging av fråvær. Rutinane er samla i skulen si rutinehandbok. Blant desse er til dømes *Rettleiing til Startsamtalen / Elevsamtalen*, *Rutine kring elevrådsarbeidet ved Sogndal vgs*., *Rutine for fråvær*, *Rutine og skjema for avvikshandsaming, Husreglar ved Sogndal vidaregåande skule* og *Rutine for Skulemiljøutvalet ved Sogndal vgs*. Skulen har også utarbeidd eit skjema for vurdering av læringsmiljøet som skal nyttast i alle fag, og ei rutine for leiinga si deltaking i klassens time, der fokus på læringsmiljø er framheva. *Rutinar for mobbing, vald og/eller truslar* inngår i skulen sin beredskapsplan.

5.3.3 Fordeling av ansvar og oppgåver ved den enkelte skule

Av spørjeundersøkinga går det fram at rektor ved ni av tolv skular har ei oppfatning om at ansvar og oppgåver innanfor skulemiljøarbeidet ved skulen *i stor grad* er tydeleg fordelt. Dei øvrige tre rektorane svarer at skulen *i nokon grad* har ei tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver knytt til arbeid med skulemiljø. Figuren under viser svarfordelinga.

Figur 10: I kva grad er det etter di oppfatning ei tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver innanfor skulemiljøarbeidet ved skulen? (N=12)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar

Seks av tolv rektorar svarer *ja* på spørsmål om fordeling av ansvar og oppgåver innanfor skulemiljøarbeidet ved skulen er skriftleg dokumentert. Dei øvrige seks rektorane svarer *delvis* på dette spørsmålet.

Alle dei tre rektorane som er intervjua, gir uttrykk for at skulen har ei tydelig fordeling av ansvar og oppgåver når det gjeld arbeid med å sikre godt læringsmiljø. Ein gjennomgang av planar og rutinar ved dei tre skulane viser også at det i all hovudsak går tydeleg fram kven som har ansvar for å setje i verk og/eller gjennomføre ulike aktivitetar og tiltak knytt til læringsmiljøet.

5.3.4 Evaluering av skulen sitt arbeid med læringsmiljø

I spørjeundersøkinga svarer seks av tolv rektorar at skulen jamleg vurderer om skulen sitt system for å oppfylle krava i opplæringslova kapittel 9a er tilstrekkeleg implementert. Dei øvrige rektorane svarer at dette *delvis* blir gjort. Figuren under viser svarfordelinga:

Figur 11: Vurderer skulen jamleg om skulen sitt system for å oppfylle krava i opplæringslova kapittel 9a er tilstrekkeleg implementert? (N=12)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar

Rektorane har også fått spørsmål om skulen jamleg vurderer om skulen sitt system er eigna til å oppfylle krav i lova og dei konkrete måla skulen har sett for læringsmiljøarbeidet. Av dei elleve rektorane som svarte på spørsmålet, svarte seks *ja*, fire *delvis* og ein *veit ikkje*. Vidare svarer sju av tolv rektorar at skulen *i stor grad* vurderer om skulen når dei konkrete måla som er sett for læringsmiljø. Fem rektorar svarer at dette *i nokon grad* blir gjort. Svara går fram av figuren under.

Figur 12: I kva grad vurderer skulen om dei konkrete måla som er sett for læringsmiljø blir nådd? (N=12)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar

I opne svarfelt i spørjeundersøkinga kjem det fram at gjennomgang av resultat frå elevundersøking i ulike fora (klasselærarmøte, fokehelsegruppe, elevråd, i klassane mv.) er ein metode for evaluering av læringsmiljøarbeidet som blir brukt ved fleire skular. Av andre evalueringsverktøy knytt til arbeidet med læringsmiljø, blir det peikt på innhenting og gjennomgang av informasjon frå elevråd, skulemiljøutval, medarbeidarundersøkingar og kontaktlærarsamtalar. Fleire av rektorane opplyser óg om at lærings- og skulemiljø er fast tema i personalmøte og på planleggingsdagar for dei tilsette.

Ingen av dei tre utvalde skulane har skriftlege planar eller system for evaluering av skulen sitt arbeid med læringsmiljøet, opp mot krav i lov og regelverk og lokale målsettingar. I enkelte plandokument som skildrar mål og tiltak er det imidlertid vist til at planen og tiltaka skal evaluerast på eit gitt tidspunkt. I intervju med rektorane blir det også peika på aktivitetar som blir gjennomførte som eit ledd i å vurdere om tiltak for å betre læringsmiljøet fungerer. Gjennomgang og analyse av resultat i elevundersøkinga blir nemnt som sentralt i denne samanheng, i tillegg til til dømes undervisningsevaluering, andre spørjeundersøkingar til elevgrupper, samt drøfting av planar og resultat i elevråd, skulemiljøutval og andre fora ved skulen.

Ein av rektorane viser i intervju til at skulen ikkje alltid er like flink til å evaluere tiltak og satsingar i læringsmiljøarbeidet. Særleg er det utfordrande for skulen å evaluere tiltak og mål som ikkje er direkte kvantifiserbare i form av til dømes fråværstall. Rektor opplyser at det nok kan vere ein del tilfeldigheiter knytt til om alle tiltak skulen nyttar i arbeidet med å sikre godt læringsmiljø blir tilstrekkeleg evaluert.

5.3.5 Elevinvolvering i arbeid med læringsmiljø

Av spørjeundersøkinga til rektorar går det fram at elleve av dei vidaregåande skulane har etablert skulemiljøutval. Ved ein av dei tolv skulane i fylket, er det ikkje etablert skulemiljøutval, jf. figuren under.

Figur 13: Har skulen eit skulemiljøutval? (N=12)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorane

Ved ein av skulane der det er etablert skulemiljøutval, blir det opplyst at elevane ikkje er i fleirtal i skulemiljøutvalet. Vidare viser rektorane sine svar i spørjeundersøkinga at det ved alle skulane som har skulemiljøutval, har blitt

gjennomført eitt eller fleire møte i skulemiljøutvalet i løpet av skuleåret 2014/2015. Ved sju av skulane blir det opplyst at det har blitt gjennomført 1-2 møte i løpet av skuleåret. Det går vidare fram at det ved alle skulane blir utarbeidd skriftleg innkalling og referat frå møta i skulemiljøutvalet.

I spørjeundersøkinga til elevråda ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane, kjem det fram at to av elevråda opplever at elevane *i stor grad* blir involvert i skulen sitt arbeid med å sikre eit godt skule- og læringsmiljø. Fire av elevråda svarer at elevane *i nokon grad* blir involvert i skulen sitt arbeid med å sikre eit godt skule- og læringsmiljø, medan eitt elevråd opplever at elevane *i liten grad* involverast i skulen sitt arbeid med å sikre eit godt skule- og læringsmiljø. Figuren under viser svarfordelinga:

Figur 14: I kva grad blir elevane involvert i skulen sitt arbeid med å sikre eit godt skule- og læringsmiljø? (N=7)



Kjelde: Spørjeundersøking til elevråd

I elevrådsundersøkinga kjem det vidare fram at to elevråd er *heilt einige* i at elevane i tilstrekkeleg grad blir involvert i arbeidet med å sikre eit godt skule- og læringsmiljø ved skulen. Fire av elevråda er *delvis einige* i denne påstanden, mens eitt elevråd er *heilt ueinig* i at elevane i tilstrekkeleg grad blir involvert i arbeidet med å sikre eit godt skule- og læringsmiljø ved skulen. Svarfordelinga går fram av figuren under:

Figur 15: Elevane blir i tilstrekkeleg grad involvert i arbeidet med å sikre eit godt skule- og læringsmiljø ved skulen



Kjelde: Spørjeundersøking til elevråd

I intervju med rektorar ved dei tre utvalde skulane, kjem det fram at det er noko variasjon i korleis skulane involverer elevane i skulen sitt arbeid med læringsmiljø. Av dokumentasjon som er gått gjennom for dei tre skulane går det fram at møte i skulemiljøutvalet har blitt gjennomført ved alle dei tre skulane i løpet av det siste året, men ved den eine skulen var det ikkje etablert skulemiljøutval før våren 2015. Det føreligg skriftleg innkalling og referat frå møta. Ved to av dei tre skulane blir månadlege allmøte vist til som sentrale i kommunikasjonen mellom leiinga ved skulen og elevane. Læringsmiljø er blant dei tema som blir tatt opp i desse møta, og det blir vist til at det er ein god arena for å formidle informasjon til alle elevane.

Skulemiljøutval

Rektor ved Firda vgs opplyser at skulemiljøutval har vore eit svakt punkt ved skulen. I løpet av 2014 kom det fram at skulen ikkje hadde eit skulemiljøutval. Dette er no tatt tak i, og eit eiget utval har blitt etablert. Skulemiljøutvalet har hatt eitt møte, men arbeidet har ikkje kome skikkeleg i gang. Rektor peiker på at det i skulen sin årsplan er lagt inn ein konkret dato for hausten 2015 for når skulemiljøutvalet skal vere i drift. Det blir samtidig peikt på at Firda vgs har både folkehelsegruppe og ei open skule-gruppe, som til saman har dekt mange av dei temaa som ofte blir dekt av skulemiljøutvalet. Det kjem fram at desse gruppene har fungert godt, og at det derfor tidlegare kanskje ikkje har blitt opplevd som så akutt å få på plass eit skulemiljøutval. Elles blir det vist til at elevrådsarbeidet er viktig for skulen. Det er et tett samarbeid mellom elevrådet og skuleleiinga, og ein tilsett i leiinga har ansvar for oppfølging av elevrådet. Det blir gjennomført eigne møte med elevrådet der fleire frå leiinga deltar, og rektor har i tillegg deltatt i møte i elevrådet. Rektor opplever at elevrådet utgjer eit stort og viktig bidrag til skulemiljøet ved Firda vgs.

Rektor ved Dale vgs opplyser at skulen har eit veldig aktivt skulemiljøutval, som skulen bruker aktivt som eit rådgjevande organ som ein lyttar grundig til. Rektor opplever at skulen får mange gode idear og innspel frå elevane gjennom skulemiljøutvalet, under dette forslag til konkrete tiltak for atmosfære, miljø, og fysiske grep som kan betre elevane si velferd.

Ved Sogndal vgs opplyser rektor at skulen har eit skulemiljøutval som i hovudsak er involvert i saker knytt til fysisk miljø, mens saker som omhandlar læringsmiljø meir generelt oftast blir tatt opp i elevrådet. I og med at skulen har mange elevar og mange avdelingar, har skulen eigne avdelingselevrådsmøte der fysisk skulemiljø ofte er tema.

5.4 Revisjonen si vurdering

Undersøkinga viser at det er fokus på læringsmiljø ved dei vidaregåande skulane, men at det er til dels stor variasjon i korleis skulane sine system og rutinar knytt til dette arbeidet er utforma. Det er også variasjon mellom skulane når det gjeld i kva grad mål, planar, tiltak mv. er skriftleggjort.

I Rundskriv Udir-4-2014 blir det presisert at § 9a-4 i opplæringslova er ei føresegn om internkontroll, og at internkontroll føreset at skulen har omsett krava i kapittel 9a til konkrete mål for skulemiljøet, kartlagt utfordringane og planlagt og sett i verk tiltak for å nå måla. Undersøkinga viser at det ved fleire skular berre delvis er utarbeidd konkrete mål, kartlagt utfordringar og planlagt og sett i verk tiltak for å nå måla. Revisjonen meiner difor at det ikkje er etablert eit tilfredsstillande system for internkontroll etter oppll. § 9a-4 ved alle skulane. Også når det gjeld skriftleg dokumentasjon av ulike ledd i arbeidet med skule- og læringsmiljøet er det variasjon mellom skulane. Dette går fram både av rektorane sine svar i spørjeundersøkinga, og av dokumentasjonen som er henta inn ved dei tre utvalde skulane. Manglande dokumentasjon på sentrale delar av skulane sine system for internkontroll på dette området, er ikkje i samsvar med krav til systematisk arbeid etter oppll. § 9a-4.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga, synast ansvar og oppgåver knytt til læringsmiljøarbeidet ved skulane i all hovudsak å vere tydeleg. Når det gjeld evaluering av skulemiljøarbeidet, blir det vist til ulike aktivitetar som blir gjennomførte, og det er i enkelte planar vist til evalueringstidspunkt. Blant den dokumentasjonen revisjonen har mottatt i samband med forvaltningsrevisjonen, føreligg det likevel ingen dokumentasjon på rutinar eller retningsliner for evaluering av skulemiljøarbeidet, og det er etter revisjonen si vurdering ikkje dokumentert tilstrekkeleg tydelege krav til kva som skal vurderast i samband med evalueringane, og korleis dette skal gjennomførast. Basert på dette stiller revisjonen spørsmål ved om skulane i tilstrekkeleg grad evaluerer skulemiljøarbeidet, jf. krav til internkontroll som følgjer av oppll. § 9a-4 og er spesifisert i rundskriv Udir-4-2014.

Dybdeundersøkingane ved tre utvalde skular viser at det er stor forskjell når det gjeld kva planar og rutinar som er utarbeidd, samt utforming av desse. Ansvaret for etablering av system og rutinar på dette området er etter opplæringslova kapittel 9a lagt til den einskilde skule, og basert på dette er det naturleg at system og rutinar også vil kunne vere ulike. Som revisjonen peiker på i kapittel 4.4, meiner revisjonen likevel det er grunn til å vurdere auka grad av felles rutinar og retningsliner, samt at beste praksis og gode rutinar blir delt og gjort til felles rutinar i større

utstrekning enn i dag. Revisjonen meiner dette kan bidra både til ei meir føremålstenleg ressursutnytting, og til å redusere risikoen for manglande regeletterleving.

Når det gjeld elevmedverknad, er det i all hovudsak oppretta lovpålagt organ i form av skulemiljøutval ved dei vidaregåande skulane. Det er imidlertid ikkje tilfredsstillande at det frå ein skule blir rapportert om at slikt organ ikkje er etablert, og at det ved ein annan skule ikkje blei etablert før våren 2015. Det er heller ikkje tilfredsstillande at det frå ein skule som har skulemiljøutval blir rapportert om at elevane ikkje er i fleirtal i utvalet. Ifølgje oppll. § 11a-5 skal alle vidaregåande skular ha skulemiljøutval, og representantar for elevane skal vere i fleirtal i utvalet. Revisjonen finn også grunn til å påpeike at svar frå elevråda i undersøkinga indikerer eit behov for å undersøke nærare i kva grad og eventuelt korleis elevane i enno større grad kan involverast i læringsmiljøarbeidet ved fleire av skulane i fylket.

6 Samarbeid mellom skulane og PPT

6.1 Problemstilling

I dette kapitlet vil følgjande problemstilling bli svart på:

- *I kva grad bistår den pedagogisk psykologiske tenesta (PPT) dei vidaregåande skulane med systemretta arbeid?*

6.2 Revisjonskriterium

Av opplæringslova § 5-6 går det fram at kvar kommune og fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste, som mellom anna skal hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.

I Meld. St. 18 (2010–2011) blir det vist til at den pedagogisk-psykologiske tenesta i auka grad bør jobbe systemretta. Det blir i meldinga vist til at PP-tenesta bør bruke meir tid til å bistå i førebyggande arbeid og i kompetanse- og organisasjonsutvikling.

Vidare viser Utdanningsdirektoratet i ein presentasjon av PPT si rolle mellom anna til at «*PP-tjenesten gir systemrettet støtte, med råd og veiledning til skoler om pedagogisk ledelse av gruppe- og læringsmiljø, og bistand med kompetanse- og organisasjonsutvikling.*»[25]

Også gjennom ei nasjonal satsing på etter- og vidareutdanning for tilsette i PPT for perioden 2013-2018, blir dei nasjonale ambisjonane om at PPT i større grad skal arbeids systemretta synleggjort. Læringsmiljø og gruppeleiing er blant dei prioriterte områda i den nasjonale satsinga.[26]

Utfyllande revisjonskriterium på dette området går fram av vedlegg 2 til rapporten.

6.3 Datagrunnlag

6.3.1 Samarbeidsavtalar mellom skulane og PPT

Det er utarbeidd samarbeidsavtalar mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunane i fylket for levering av PP-tenester til dei vidaregåande skulane. Med unntak av PPT Sogndalsregionen og PPT Eid og Vågsøy, som fylkeskommunen eig, kjøper Sogn og Fjordane fylkeskommune PP-tenester til dei vidaregåande skulane frå kommunale og interkommunale PPT-kontor rundt om i fylket.

I samarbeidsavtalar som er inngått går det fram at PPT-kontora skal yte tenester til dei vidaregåande skulane i samsvar med krav i opplæringslova, herunder både individretta arbeid og systemretta arbeid. Det blir ikkje presisert i avtalane i kva omfang PPT skal arbeid med systemretta arbeid ved dei vidaregåande skulane. Avtalane viser til Utviklingsplan for PPT i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2014-2017[27] med omsyn til kva innhaldet i samarbeidet om PP-tenesta skal vere.

---

[25] http://www.udir.no/Regelverk/tidlig-innsats/Skole/Oversikt-over-aktorene/PP-tjenesten/
[26] http://www.udir.no/Upload/skoleutvikling/PPT/Strategi-for-etter-og-videreutdanning-for-ansatte-i-PPT.pdf?epslanguage=no
[27] Sogn og Fjordane fylkeskommune: *Utviklingsplan for PPT i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2014-2017*. Vedtatt i hovudutval for opplæring 25. april 2014, sak 7/14.

I utviklingsplanen går det fram at måla for PPT i fylket mellom anna er at det skal vere høg kvalitet på tenestene både på individ- og systemnivå, og at PPT skal ha kompetanse og kapasitet som samsvarar med brukarane sine behov. Vidare går det fram at fylkeskommunen gjennom samarbeid med kommunane skal leggje til rette for PPT sitt systemretta arbeid. Når det gjeld konkrete tiltak for systemretta arbeid i utviklingsplanen, står det at PPT skal vere involvert i skulane sitt arbeid med utviklingsplanar, og at det skal leggjast til rette for deltaking i dei vidaregåande skulane sine spes.ped.-team/ressursteam.

Spørjeundersøkinga revisjonen har gjennomført blant rektorane i fylket, viser at det i nokre tilfelle er utarbeidd eigne avtalar for samarbeidet mellom PPT-kontora i fylket og dei vidaregåande skulane. Av svara går det fram at sju av tolv skular har skriftlege avtalar med PPT om samarbeid. Figuren under viser svarfordelinga:

Figur 16: Er det utarbeidd ein samarbeidsavtale (eller tilsvarande skriftleg avtale) mellom skulen og PPT? (N=12)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar

Når det gjeld innhaldet i avtalane, kjem det fram av undersøkinga at dei fleste avtalane som er utarbeidd, inneheld informasjon om faste møtepunkt mellom skulen og PPT. Avtalane inneheld i noko mindre grad informasjon om *korleis* PPT skal/kan bistå skulen med systemretta arbeid, og *i kva grad* PPT skal bistå skulen med systemretta arbeid. Svarfordelinga på desse tre spørsmåla går fram av figuren under.

Figur 17: I kva grad inngår følgjande informasjon i samarbeidsavtalen mellom skulen og PPT? (N=10)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar

Skuleeigar gjennomfører ein årleg styringsdialog med dei fylkeskommunale PPT-kontora, og dialogmøte med PP-tenester som fylkeskommunen kjøper tenester frå. Det blir vist til at systema for styringsdialog og dialogmøte blei sett i gang for om lag eitt år sidan i samband med oppfølging av utviklingsplan for PPT for vidaregåande opplæring.

Skuleeigar såg eit behov for å systematisere dialogen ytterlegare, og det blir vist til at dette fungerer bra. Skuleeigar har i desse møta understreka at ein forventar at alle PPT-kontora skal arbeide systemretta.

Leiar for eit PPT-kontor kommenterer i intervju at PPT i nokre tilfelle saknar ei tydeleg formalisering av kva fora og arenaar PPT skal vere inkludert i. Det førekjem at det har vore orienteringar og møte på skulane der PPT opplever at dei burde ha vore med, men der dei ikkje har blitt invitert. Det blir vidare vist til at sjølv om PPT får stadig meir innpass i den vidaregåande skulen, må dei vere bevisste på å synleggjere si eiga rolle og kva dei har kompetanse til, for å sikre at skulane inkluderer PPT på dei riktige arenaane. PPT-leiar peiker på at dette er noko PPT må jobbe med framover.

6.3.2 Bistand frå PPT til systemretta arbeid

Frå skuleeigar blir det i intervju vist til at det har vore store forskjellar mellom skulane og PPT-kontora når det kjem til i kva grad PPT bistår dei vidaregåande skulane med systemretta arbeid. Det blir presisert at det i løpet av dei siste fem åra har vore eit auka fokus på meir systemretta arbeid i kontakten mellom vidaregåande skule og PPT. Vidare blir det vist til at ein del samarbeidsfora mellom skulane og PPT dei siste åra har blitt betre etablert i skulane, og at det i takt med desse prosessane også blir stadig enklare å arbeide godt med systemretta arbeid. PPT har gjennom deltaking i slike fora blitt meir aktive inn i skulane.

Frå skuleeigar blir det også trekt fram at det er viktig at fylkeskommunen er aktiv inn mot både skulane og PPT. Det kjem fram at skuleeigar mellom anna har arbeida med å få skulane til å etterspørje dei same tinga frå PPT, noko som bidrar til at dei ulike PPT-kontora også bidrar med mykje av de same systemretta arbeidet.
Samtidig blir det peika på at det er nokre forskjellar mellom PPT-kontora med omsyn til i kva grad og på kva vis dei arbeider systemretta mot dei vidaregåande skulane. Det blir vist til at forskjellane mellom anna skuldast varierande storleik på PPT-kontora, og dermed også variasjon i kva kompetanse som finst ved kvart PPT-kontor.

I spørjeundersøkinga som er gjennomført, svarer fire av tolv rektorar at dei opplever at PPT *i stor grad* hjelper skulen med systemretta arbeid. Seks rektorar svarer at PPT *i nokon grad* bistår med systemretta arbeid, medan dei siste to rektorane svarer *i liten grad* på spørsmålet. Figuren under viser svarfordelinga:

Figur 18: I kva grad hjelper PPT skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov (systemretta arbeid)? (N=12)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar

Rektorane har også blitt bedt om å ta stilling til nokre påstandar knytt til PPT sin kapasitet og kompetanse til å bistå med systemretta arbeid, samt ein påstand som er knytt til om bistanden frå PPT er tilstrekkeleg. Som det går fram av figuren under, varierer svara frå rektorane. Imidlertid er det til saman eit fleirtal som er anten *delvis ueinig* eller *heilt ueinig* i alle dei tre påstandane.

Figur 19: Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar om PPT sitt systemretta arbeid ved skulen? (N=12)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar

Ved alle dei tre utvalde skulane blir det nemnt døme på korleis PPT bistår skulane med systemretta arbeid. Det varierer kva type systemretta bistand det dreier seg om, men nokre døme er:

- Deltaking i ulike råd og fora ved skulane, t.d. ressursteam, spesialpedagogiske team, folkehelsegruppe
- Deltaking i arbeidet med utarbeiding og revisjon av utviklingsplanar ved skulane
- Bistå i å styrke arbeidet med fleirspråklege elevar og planlegge tilbod til elevar med multifunksjonshemming
- Kurs/førelesningar om aktuelle emne
- Nettverksmøte kring alle nye VG1-elevar på avgjevarskulane, der elev, føresette, avgjevar- og mottaksskule og PPT deltek.
- Deltaking på temadagar om til dømes psykososiale forhold
- Råd knytt til tema som lese- og skrivevanskar

Fleire peiker på det at PPT har fast kontordag på skulen som viktig med tanke på relasjonsbygging mellom PPT og skule, og dermed også som noko som bidrar til å auke samarbeidet på systemnivå. Enkelte viser også til at sjølv om det meste av kontakten gjerne dreier seg om individsaker, kan oppfølginga frå PPT i individsaker også vere nyttig for skulen i eit systemperspektiv.

Frå skuleeigar blir det kommentert at det varierer frå PPT-kontor til PPT-kontor og skule til skule om PPT er ein aktiv samarbeidspart i skulane sitt arbeid med å sikre eit godt læringsmiljø for elevane. Det blir vist til at det mellom anna har vore ein del variasjon PPT si deltaking i utarbeiding av utviklingsplan for den enkelte skule. Det blir understreka at det er viktig at skulane inviterer PPT inn i arbeidet med utarbeiding av utviklingsplan. Det blir vidare opplyst at dette er eit sentralt punkt å få følgt opp, og at det er tema i dialogen både mellom skuleeigar og skulane, og skuleeigar og PPT. Det blir vist til at det er signalisert klåre forventningar om at PPT blir involvert i arbeidet med utviklingsplanar ved skulane.

I intervju med rektorar ved dei tre utvalde skulane, kjem det fram at ein av rektorane opplever at samarbeidet med PPT er godt, men at vedkomande likevel saknar meir systemretta bistand frå PPT på nokre område. Det blir vist til at det hadde vore nyttig om PPT i større grad kunne gitt råd til lærarane ved skulen. Rektor opplyser at skulen forsøker å bøte på manglande rådgjeving ved å sende lærarar på kurs i ulike tema.

Rektor ved ein av dei andre skulane opplyser at skulen får lite bistand og støtte frå PPT til systemretta arbeid. Rektor opplever at kompetansen til PPT kanskje ikkje er god nok innanfor det systemretta arbeidet, og at skulen har lite å hente hjå PPT på dette feltet. Det blir vist til at skulen sjølv har tilsett dyktige spesialpedagogar, men hadde

hatt behov for psykolog og logoped frå PPT. Rektor opplever at dette i liten grad er tilgjengeleg frå PPT. Frå det aktuelle PPT-kontoret blir det peikt på at det innanfor ein skule kan vere ulikt frå lærar til lærar kva dei opplever at PPT kan bistå med, og at det er viktig at det er leiinga ved skulen som må sørgje for å involvere PPT i systemretta arbeid. PPT-leiar opplever at det i samarbeidet mellom PPT og skulen dei siste åra har blitt meir fokus på systemretta arbeid enn for berre nokre få år sidan. Samtidig blir det kommentert at PPT framleis opplever å bli gløymt av skuleleiinga når det gjeld invitasjon til ulike fora der dei sjølv meiner dei bør ta del. PPT prøver difor sjølv å følgje med på kva som skjer på skulen, og inviterer seg sjølv med i ulike møte og fora der dei opplever at dei bør vere inkludert.

Rektor ved den tredje skulen viser til eit godt samarbeid med PPT, og opplever ikkje spesifikke svakheiter eller manglar i PPT sin bistand til skulen. Samtidig peiker leiar for det aktuelle PPT-kontoret på at skulen i liten grad har etterspurt systemretta bistand frå PPT, og at PPT har opplevd at skulen ikkje har hatt tradisjon for å etterspørje slik bistand. Det blir vidare kommentert at PPT har nytta møte med skuleleiinga til å bevisstgjere skulen om kva PPT kan bidra med når det kjem til bistand på systemnivå. Som ein konsekvens av dette, begynner det no å opne seg fleire arenaar der PPT kan bidra med meir systemretta arbeid, mellom anna relatert til skulen sitt arbeid med læringsmiljø.

Frå skuleeigar blir det vist til at utfordringane i dag, når det gjeld å auke fokuset på systemarbeid, i hovudsak dreier seg om at ein opplever eit stort press når det gjeld enkeltsaker som blir tilvist PP-tenesta. I tillegg ser ein at det er noko skilnad mellom skulane når det kjem til å legge til rette for at PPT skal gå inn som ein aktør og samarbeidspart i høve eksempelvis arbeid med utviklingsplanar og overordna pedagogisk planarbeid ved skulane.

6.3.3 Samarbeid mellom skulane og PPT om læringsmiljø

I spørjeundersøkinga til rektorane svarar ti av tolv rektorar at deira skule samarbeider med PPT i samband med læringsmiljøarbeidet ved skulen. To rektorar opplyser at skulen samarbeider *litt* med PPT når det kjem til læringsmiljø ved skulen. Figuren under viser svarfordelinga:

Figur 20: Samarbeider skulen med PPT i samband med læringsmiljøarbeidet ved skulen? (N=12)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar

På spørsmål i spørjeundersøkinga om i kva grad PPT sitt systemretta arbeid ved skulen er relevant med tanke på skulen sitt arbeid for å sikre eit godt læringsmiljø, svarar fire av tolv rektorar at det systemretta arbeid frå PPT *i stor grad* er relevant for læringsmiljøarbeidet ved skulen. Sju rektorar opplyser at PPT sitt arbeid *i nokon grad* er relevant for arbeidet med læringsmiljø, mens ein rektor svarer at PPT sitt systemretta arbeid *i liten grad* er relevant for læringsmiljøarbeidet ved skulen. Figuren under viser svarfordelinga.

Figur 21: I kva grad er PPT sitt systemretta arbeid ved skulen relevant med tanke på skulen sitt arbeid for å sikre eit godt læringsmiljø? (N=12)



Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar

Ein PPT-leiar peiker i intervju på at PPT opplever at det er behov for ein arena der ein på leiarnivå både frå skule og PPT kommuniserer i større grad om arbeid og prosessar som pågår på skulen, og om skulen sine behov. PPT har behov for meir informasjon om kva skulen sjølv gjer i sitt læringsmiljøarbeid, slik at dei kan avdekke kva PPT kan bidra med i læringsmiljøarbeidet. Det blir opplyst at PPT så langt har mangla oversikt over kva skulen har hatt fokus på når det kjem til arbeid med læringsmiljø.

6.4 Revisjonen si vurdering

Undersøkinga viser at det dei siste åra har vore eit tydeleg fokus frå skuleeigar si side på viktigheita av at PPT arbeider systemretta mot dei vidaregåande skulane. Det blir også gjennomgåande vist til ei positiv utvikling når det gjeld PPT sitt systemretta arbeid ved dei vidaregåande skulane.

Samtidig går det fram at det er forskjellar både mellom skulane og mellom PPT-kontora når det gjeld det systemretta arbeidet. Sjølv om eit fleirtal av rektorane opplever at skulen i tilstrekkeleg grad får systemretta bistand frå PPT er det også nokre som meiner det kunne vore behov for ytterlegare systemretta bistand. Revisjonen meiner også det er verd å merke seg at det frå PPT si side blir vist til at det er behov for å bevisstgjere skulane og arbeide aktivt opp mot skulane for å få skulane til å etterspørje meir systemretta bistand frå PPT. Mellom anna blir det kommentert at PPT ikkje alltid blir invitert inn i fora der PPT meiner dei burde vore med, og at PPT har behov for meir informasjon om skulane sitt læringsmiljøarbeid for å kunne vurdere kva PPT eventuelt kan bidra med.

Revisjonen meiner at undersøkinga viser at det er behov for å oppretthalde fokuset på systemretta arbeid frå skuleeigar si side, og følgje opp både skulane og PP-tenestene når det gjeld i kva grad og korleis PPT bistår skulane med systemretta arbeid. Det er i relativt liten grad etablert avtalar og/eller planar mellom den enkelte skule og aktuelt PPT-kontor som tydeleggjer i kva grad og korleis PPT skal bistå skulane med systemretta arbeid. Revisjonen meiner fylkeskommunen bør vurdere om slike avtalar, årshjul eller liknande kan vere eit nyttig virkemiddel for å synleggjere både behov for systemretta bistand, samt bevisstgjere skulane på kva PPT kan bidra med. Slike avtalar, årshjul eller liknande kan også vere nyttig for å sikre at alle relevante aktørar deltar i ulike fora og møte ved skulane. Revisjonen meiner også det er viktig å sikre erfaringsdeling mellom skular og PP-tenester når det gjeld i kva grad og korleis PPT bistår skulane med systemretta arbeid, for å sikre at beste praksis blir gjort gjeldande, og at både skular og PP-tenester kan lære av kvarandre.

7 Konklusjon og anbefalingar

Undersøkinga viser at det frå skuleeigar si side er tydeleg fokus på viktigheita av å arbeide for å sikre eit godt læringsmiljø ved skulane. Det har dei siste åra også blitt eit tydelegare fokus på viktigheita av at PPT bistår skulane med systemretta arbeid, og undersøkinga viser ei positiv utvikling på dette området.

Når det gjeld arbeidet med læringsmiljø, går det samtidig fram at det i stor grad er opp til den enkelte skule å etablere system og rutinar for å ivareta krava til systematisk og kontinuerleg arbeid med elevane sitt læringsmiljø, og at det er store forskjellar mellom systema som er etablert og kva desse inneheld. Undersøkinga viser at krava til internkontroll etter oppll. § 9a-4 ikkje er tilstrekkeleg ivareteke ved alle skulane, og revisjonen meiner fylkeskommunen som skuleeigar må etablere system som sikrar at alle skulane etterlever krava til internkontroll etter oppll. § 9a-4. Revisjonen meiner mellom anna at det kan vere føremålstenleg å i større grad enn i dag sørgje for at beste praksis og gode rutinar blir delt og gjort til felles rutinar. Fylkeskommunen må også sikre at alle skulane etablerer skulemiljøutval i samsvar med krav i opplæringslova. Vidare registrerer revisjonen at det framleis er forskjellar både mellom skulane og mellom dei ulike PPT-kontora når det gjeld det systemretta arbeidet. Revisjonen meiner at fokuset på systemretta arbeid bør oppretthaldast, og at både skulane og PPT bør følgjast opp når det gjeld i kva grad og korleis PPT bistår skulane med systemretta arbeid. Også her meiner revisjonen det kan vere føremålstenleg med auka grad av deling av beste praksis.

Basert på undersøkinga anbefaler revisjonen at Sogn og Fjordane fylkeskommune som skuleeigar sett i verk følgjande tiltak:

1. Etablerer system som sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid etter oppll. § 9a-4, og har system og rutinar som oppfyller krav til internkontroll slik desse er presisert i rundskriv Udir-4-2014.
2. Etablerer system for å sikre at beste praksis og gode rutinar knytt til læringsmiljøarbeidet blir delt, og vurdere å i større grad etablere felles rutinar på området.
3. Sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune har skulemiljøutval der representantar for elevane er i fleirtal, jf. oppll. § 11a-5.
4. Vurderer i kva grad og eventuelt korleis elevane i enno større grad kan involverast i læringsmiljøarbeidet ved skulane.
5. Følgjer opp både skulane og PP-tenestene når det gjeld i kva grad og korleis PPT bistår skulane med systemretta arbeid, samt etablerer system for auka grad av erfaringsdeling når det gjeld PPT sitt systemretta arbeid.

Vedlegg 1: Høyringsuttale

SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga

Sakshandsamar:
Siri Merete Nedland
E-post: Siri.Merete.Nedland@sfj.no
Tlf.: 57638144

Vår ref.
Sak nr.: 15/1803-7
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
30344/15

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 03.09.2015

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen
5892 Bergen

Fråsegn frå fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane til rapportutkast frå forvaltningsrevisjon av læringsmiljø og pedagogisk-psykologisk teneste

Vi viser til e-post datert 18.8.2015, vedlagt rapportutkast for verifisering og høyring. Merknader til faktadelen er etter avtale sende tidlegare.

Generell kommentar:
Deloitte foreslår i rapporten at fylkesrådmannen bør vurdere å etablere arenaer for deling av god praksis og rutinar. Det er fylkesrådmannen si vurdering at det er etablert nok arenaer for erfaringsdeling i organisasjonsstrukturen. Arbeidet med elevane sitt læringsmiljø er eit tilbakevendande og kontinuerleg tema på rektormøta, i styringsdialogen med skulane og i utviklingssamtalane med rektorane. Punkta 2 og 4 i tilrådinga frå Deloitte vert difor ikkje kommenterte nærare.

Fylkesrådmannen vil elles følgje opp tilrådingane slik:

Framlegg til tiltak frå Deloitte:	**Fylkesrådmannen sine tiltak:**
1. Etablerer system som sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid etter oppll. § 9a-4, og har system og rutinar som oppfyller krav til internkontroll slik desse er presisert i rundskriv Udir-4-2014.	Fylkesrådmannen skal, med utgangspunkt i rundskriv Udir-4-2014, gå gjennom krava til internkontroll saman med dei vidaregåande skulane/rektorane. Fylkesrådmannen skal vidare syte for at det vert etablert system, rutinar og sjekklister slik at krava til internkontroll vert følgde. Kvalitets- og rutinehandboka for opplæringssektoren skal reviderast der det er behov for det.
3. Sikrar at alle vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune har skulemiljøutval der representantar for elevane er i fleirtal, jf. oppll. § 11-5a.	Fylkesrådmannen skal sjå til at det vert etablert skulemiljøutval i samsvar med §11-5a i opplæringslova på alle dei vidaregåande skulane.
5. Følgjer opp både skulane og PP-tenestene når det gjeld i kva grad og korleis PPT bistår skulane med systemretta arbeid, samt etablerer system for auka grad av erfaringsdeling når det gjeld PPT sitt systemretta arbeid.	Fylkesrådmannen vil halde fram med å ha merksemd på det systemretta arbeidet til PPT gjennom dei årlege styrings- og dialogmøta med tenesta, og i møte med rektorane/dei vidaregåande skulane. Det skal vere tydeleg kommunisert frå fylkesrådmannen si side at PPT skal involverast i skulane sitt arbeid med

læringsmiljøet generelt, i ulike ressursgrupper og i arbeidet med utviklingsplanar.

Det er planlagt årlege møte med dei private og dei offentlege opplæringskontora og leiarane i PPT frå no i haust. Det er lagt inn tiltak for å styrke det systemretta arbeidet i kompetanseplanen for vidaregåande opplæring for 2015-2016.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Siri Merete Nedland
seniorrådgjevar

Mottakar (ar)
Deloitte

Kopi til:
Bekka Skaasheim, OA
Kenth Rune T. Måren, OA
Reidun Liljedahl Fimreite, OA
Eirik H. Hamre, OA
Tor-Einar Holvik Skinlo, OA

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Læringsmiljø

I perioden 2009-2014 har det vore ei nasjonal satsing kalla *Bedre læringsmiljø* i regi av Utdanningsdirektoratet. I samband med satsinga utarbeidde ei forskargruppe leia av professor Thomas Nordahl materiell for heilskapleg arbeid med læringsmiljøet. Materiellet består av forskingsbaserte artiklar knytt til tema som er relatert til læringsmiljøet. Innleiingsvis i ein samla presentasjon av artiklane, er læringsmiljø definert slik:

> «Med læringsmiljø forstås de miljømessige faktorene i skolen som har innflytelse på elevenes sosiale og faglige læring samt elevenes generelle situasjon i skolehverdagen. Disse faktorene er i hovedsak relatert til vennskap og deltakelse i sosiale og faglige fellesskap, relasjoner til medelever og lærere, klasseledelse, normer og regler, verdier, forventninger til læring og det fysiske miljøet i skolen. Samlet kan dette også omtales som elevenes arbeidsmiljø.»[28]

Kapittel 9a i opplæringslova omhandlar elevane sitt skulemiljø. Kapittel 9a blir også omtala som «elevane si arbeidsmiljølov». I presentasjonen av artiklane om læringsmiljø som er omtala over går det fram at *«Et godt og inkluderende læringsmiljø er å forstå som de betingelser i skolen som fremmer elevenes helse, trivsel og sosiale og faglige læring. Dette innebærer at arbeid med skolens læringsmiljø kan kobles direkte til kapittel 9a i opplæringsloven, «elevenes arbeidsmiljølov».»*

Det er den enkelte skule som må sikre at krava til elevane sitt læringsmiljø blir oppfylt, og Utdanningsdirektoratet presiserer at «*Et endrings- og utviklingsarbeid som skal bidra til et bedre læringsmiljø og læringsutbytte for elevene er betinget av at arbeidet knyttes til den enkelte skole. Det vil innebære at endringsarbeidet må realiseres og drives i hverdagen i den enkelte skole og ikke minst relateres til skolens egen pedagogiske praksis.»*[29] Samtidig har skuleeigar etter opplæringslova § 13-10 ansvar for å sikre at krava i lova blir oppfylte, og for å etablere eit forsvarleg system for å vurdere om krava i lov og forskrift blir oppfylte. Skuleeigar har dermed ansvar for å følgje opp den enkelte skule sitt arbeid med læringsmiljøet til elevane (se avsnitt 1.1.3 under for meir informasjon om skuleeigar sitt ansvar).

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd ei eiga nettside om læringsmiljø. Her går det mellom anna fram at følgjande fem forhold blir sett på som grunnleggjande i arbeidet med å sikre eit godt læringsmiljø ved skulane:

> «1. Lærerens evne til å lede klasser og undervisningsforløp
> 2. Positive relasjoner mellom elev og lærer
> 3. Positive relasjoner og kultur for læring blant elevene
> 4. Godt samarbeid mellom skole og hjem
> 5. God ledelse, organisasjon og kultur for læring på skolen»[30]

Krav til elevane sitt skulemiljø

Som det går fram over, kan arbeidet med læringsmiljøet ved skulen knytast direkte til dei krav til elevane sitt skulemiljø som går fram av kapittel 9a i opplæringslova. Av § 9a-1 går det overordna kravet fram:

---

[28] http://www.udir.no/upload/laringsmiljo/materiell/bedre_laringsmiljo_materiell.pdf
[29] http://www.udir.no/Laringsmiljo/Bedre-laringsmiljo/Organisasjon-og-ledelse/Skolebasert-endrings--og-utviklingsarbeid/
[30] http://www.udir.no/Laringsmiljo/Fem-grunnleggende-forhold/?read=1

> «Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.»

Vidare omhandlar § 9a-2 spesifikke krav til det fysiske miljøet, mens § 9a-3 omhandlar krav til det psykososiale miljøet. Her går det mellom anna fram at skulen *«aktivt og systematisk [skal] arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.»* Vidare går følgjande fram av § 9a-3, tredje ledd:

> «Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.»

Vidare blir det i § 9a-4 stilt krav om systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane:

> «Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.»

I § 9a-5 blir det stilt krav om elevdeltaking i skulemiljøarbeidet, og av første ledd går det fram at «*Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skolen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva som er naturleg for dei enkelte årstrinna.»*

Vidare omhandlar § 9a-6 informasjonsplikt og ulike organ sin rett til å uttale seg om skulemiljøet:

> «Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skolemiljøutvalet4 og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betydning for skolemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.»

Av opplæringslova § 11-5a går følgjande fram om skulemiljøutval ved vidaregåande skular:

> «Ved kvar vidaregåande skole skal det vere eit skolemiljøutval. I skolemiljøutvalet skal elevane, dei tilsette, skoleleiinga og fylkeskommunen vere representerte. Skolemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane er i fleirtal.
>
> Skoleutvalet kan sjølv vere skolemiljøutval. Når skoleutvalet fungerer som skolemiljøutval, må det oppnemnast ein eller fleire tilleggsrepresentantar for elevane, slik at dei får fleirtal.
>
> Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette og elevane tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet, jf. kapittel 9a.»

Systemretta arbeid etter opplæringslova kapittel 9a

I eit rundskriv frå Utdanningsdirektoratet blir krava til skulane sitt systemretta arbeid knytt til kapittel 9a i opplæringslova gjennomgått.[31] Her blir det mellom anna følgjande presisert:

> «Paragraf 9a-4 pålegger skolen å arbeide systematisk for å fremme elevens helse, miljø og sikkerhet. Skolens systematiske arbeid må ses i forhold til den overordnede normen i § 9a-1. Hensikten med det systematiske skolemiljøarbeidet er å sikre at elevens rett oppfylles ved at skolen jobber kontinuerlig og systematisk for et godt miljø og sikrer at problemer oppdages og tas hånd om i tide.»

I rundskrivet blir det vidare understreka at § 9a-4 er ei føresegn om internkontroll, og at dette inneber at skulen sjølv må føre kontroll med om krava i kapittel 9a er oppfylt. Det går vidare fram at internkontroll føreset at skulen har omsett krava i kapittel 9a til konkrete mål for skulemiljøet, kartlagt utfordringane og planlagt og sett i verk tiltak for å nå måla.

---

[31] Utdanningsdirektoratet. *Systemrettet arbeid etter opplæringsloven kapittel 9a.* Rundskriv Udir-4-2014. Publisert: 21.05.2014

I rundskrivet blir det også presisert at skulen må kunne dokumentere at dei har eit system for internkontroll, og at skulen må kunne leggje fram skriftleg dokumentasjon for følgjande:

- Kva mål skulen har for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet, jf. §§ 9a–1, 9a-2 første ledd og 9a–3 første ledd
- Korleis skulen er organisert
- Planer og tiltak – kva som skal gjeras, kva tid og av kven, for å sikre eit godt skulemiljø som fremmar helse, miljø og tryggleik
- Korleis kartlegging av risiko er gjennomført (rapportar, måleresultat og liknande)
- Rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge avvik
- Korleis rutinane blir gjennomgått for å sikre at dei fungerer og er tenlege for å nå dei måla som er sett (evaluering av skulemiljøarbeidet)

Utdanningsdirektoratet skisserer vidare følgjande fasar i skulen sitt systemretta arbeid:

- Fase 1: kartlegging av krava i opplæringslova kapittel 9a m.v.
- Fase 2: fastsetting av konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet
- Fase 3: utarbeiding av eit system for oppfølging av krava i kapittel 9a
- Fase 4: implementering av systemet blant dei tilsette
- Fase 5: kontinuerleg, aktivt og systematisk skulemiljøarbeid i samsvar med systemet
- Fase 6: jamleg evaluering av skulen sitt system og systemretta arbeid

Knytt til kvar av desse fasane blir det i rundskrivet skissert kva fasane inneber. Til dømes går følgjande fram under «fase 3»:

> «Systemet skal inneholde
>
> - konkrete mål for skolemiljøet og skolemiljøarbeidet
> - beskrivelser av hva som er et godt psykososialt miljø
> - hva som skal gjøres for å forebygge brudd på elevens rett
> - hva som skal gjøres dersom elevens rett ikke er oppfylt
> - hvordan skolen skal evaluere sitt skolemiljøarbeid
> - planer, rutiner og tiltak knyttet til skolemiljøarbeidet
> - rutiner for å sørge for at de ansatte blir kjent med skolemiljøarbeidet og utfører sine plikter
> - rutiner for involvering av elevene og skolens råd og utvalg
>
> Dette systemet må kunne dokumenteres.»[32]

Skuleeigar sitt ansvar

Skuleeigar sitt ansvar for å følgje opp skulane, og sikre at krav i regelverket blir oppfylte, går fram av opplæringslova § 13-10:

> «Kommunen/fylkeskommunen (…) har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllast.
>
> Kommunen/fylkeskommunen (…) skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen (…) skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå desse vurderingane (…).»

I rundskriv Udir-4-2014 om systemretta arbeid etter opplæringslova kapittel 9a går det fram at krav om at skuleeigar skal ha eit forsvarleg system for å vurdere om krav i regelverket blir oppfylte, inneber at:

> «- systemet må inneholde en oversikt over lovkrav på området
> - alle aktuelle lovbestemmelser på området må operasjonaliseres
> - må kartlegge innholdet i hver enkelt relevant lovbestemmelse mht rettigheter og plikter, og avgjøre hva dette innebærer for skoleeiers system.
>
> - systemet må inneholde jevnlig vurdering
> - aktiv informasjonsinnsamling og kartlegging»[33]

---

[32] Utdanningsdirektoratet. *Systemrettet arbeid etter opplæringsloven kapittel 9a.* Rundskriv Udir-4-2014. Publisert: 21.05.2014. Kap. 1.3 *Faser i skolens systematiske arbeid.*

[33] Utdanningsdirektoratet: Systemrettet arbeid etter opplæringsloven kapittel 9a, Rundskriv Udir-4-2014.

Pedagogisk-psykologisk teneste

Av opplæringslova § 5-6 går det fram følgjande krav til pedagogisk-psykologisk teneste:

> «Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen.
>
> Tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal sørgje for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Departementet kan gi forskrifter om dei andre oppgåvene til tenesta.

Kravet om at PP-tenesta skal arbeide med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling, blir ofte omtala som PP-tenesta sitt systemretta arbeid.[34] I Meld. St. 18 (2010–2011) blir det vist til at den pedagogisk-psykologiske tenesta i auka grad bør jobbe systemretta. Det blir vist til at

> «(…) PP-tjenesten bør bruke mer tid til å bistå i forebyggende arbeid og i kompetanse- og organisasjonsutvikling. PP-tjenestens systemarbeid skal fortsatt være rettet mot elever som har særskilte behov, men årsaken til behovene trenger ikke nødvendigvis være knyttet til eleven. De kan også ha sin årsak i måten skolen har valgt å organisere klassen og opplæringen på, mangel på nødvendig kompetanse og klasseledelsesutfordringer.»[35]

Vidare viser Utdanningsdirektoratet i ein presentasjon av PPT si rolle mellom anna til at «*PP-tjenesten gir systemrettet støtte, med råd og veiledning til skoler om pedagogisk ledelse av gruppe- og læringsmiljø, og bistand med kompetanse- og organisasjonsutvikling.*»[36]

Også gjennom ei nasjonal satsing på etter- og vidareutdanning for tilsette i PPT for perioden 2013-2018, blir dei nasjonale ambisjonane om at PPT i større grad skal arbeids systemretta synleggjort. Læringsmiljø og gruppeleiing er blant dei prioriterte områda i den nasjonale satsinga.[37]

---

[34] Sjå til dømes NOU 2015: 2 *Å høre til — Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø.*
[35] Kunnskapsdepartementet: Meld. St. 18 (2010–2011) Læring og fellesskap. Kapittel 5.2.2 Forventning 2: PP-tjenesten arbeider forebyggende.
[36] http://www.udir.no/Regelverk/tidlig-innsats/Skole/Oversikt-over-aktorene/PP-tjenesten/
[37] http://www.udir.no/Upload/skoleutvikling/PPT/Strategi-for-etter-og-videreutdanning-for-ansatte-i-PPT.pdf?epslanguage=no

Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur

Regelverk

- Kunnskapsdepartementet: Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (*opplæringslova*). LOV-1998-07-17-61.

Dokument frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

- *Elevundersøkinga Sogn og Fjordane fylkeskommune. Haust 2014.*
- *Svarprosent elevundersøkinga. Sogn og Fjordane fylkeskommune (haust 2014).*
- *God - betre - best - Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012 til 2015*. FU - sak 18/15. Vedtatt i Fylkesting, 17. April 2012, sak 05/12
- *Kjenneteikn på kvalitet i vidaregåande opplæring*. Vedlegg 1 til mål- og strategidokument for vidaregåande opplæring I Sogn og Fjordane 2012-2015. Vedtatt i fylkesting, 17. april, sak 05/12
- *Handlingsprogram for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane* 2012-2015. Vedtatt i Hovudutval for opplæring, 13. juni 2012, sak 15/12.
- *Vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane frå 2016 - arbeid med nytt mål- og strategidokument.* Sak 18/15 i Fylkesutvalet.
- *Utviklingsplan for PPT i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane* 2014-2017. Vedtatt i hovudutval for opplæring 25. april 2014, sak 7/14.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune. Årsrapport 2014.
- *Skulebesøk 2013.* Informasjonsskriv frå fylkesdirektør til alle rektorane. 11.9.2013.
- *Rapport frå skulebesøka 2013*. Notat frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet. 4.2.2014.
- *Samla oppsummering etter styringsdialog og dialogmøte mellom fylkesdirektøren og pedagogisk-psykologisk teneste for vidaregåande opplæring 2014*.
- Dale vidaregåande skule*: Utviklingsplan for Dale vgs 2015-2017*. Revidert skuleåret 2014-2015.
- Dale vidaregåande skule*: Handlingsplan mot mobbing*.
- Dale vidaregåande skule: *Handlingsplan for fysisk og psykisk helsearbeid v/Dale vgs*. Utarbeidd 25.juni 2014, evaluert 2.juni 2015.
- Firda vidaregåande skule*: Utviklingsplan Firda vidaregåande skule 2013-2018*.
- Firda vidaregåande skule: *Handlingsplan for folkehelse 2015-2017.*
- Firda vidaregåande skule: *Handlingsplan mot rus.*
- Firda vidaregåande skule: *Handlingsplan for auka frammøte*.
- Firda vidaregåande skule*: Samarbeid med PPT*.
- Sogndal vidaregåande skule: *Utviklingsplan Sogndal vidaregåande skule 2015-2018*.
- Sogndal vidaregåande skule: *Rutinehandbok*.
- Sogndal vidaregåande skule: *Organisasjonskart og fordeling av hovudansvarsområde for ulike stillingar/funksjonar ved skulen.* Sogndal vidaregåande skule 15/16.

Andre dokument og litteratur

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: *Tilsynsrapport frå oppfølgingstilsyn. Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø. Sogn og Fjordane fylkeskommune. Hafstad vidaregåande skule. 2013.* 22.11.2013.
- Kunnskapsdepartementet: *Læring og fellesskap*. St. meld. 18 (2010-2011). Tilråding fra Kunnskapsdepartementet av 8. april 2011, godkjent i statsråd samme dag. (Regjeringen Stoltenberg II)

- Utdanningsdirektoratet: *Systemrettet arbeid etter opplæringsloven kapittel 9a*. Rundskriv Udir-4-2014. Publisert: 21.05.2014

Nettsider

- www.sfj.no
- http://www.udir.no/Laringsmiljo/
- http://www.udir.no/Regelverk/tidlig-innsats/Skole/Oversikt-over-aktorene/PP-tjenesten/
- http://www.udir.no/Upload/skoleutvikling/PPT/Strategi-for-etter-og-videreutdanning-for-ansatte-i-PPT.pdf?epslanguage=no
- http://www.skoleporten.udir.no
- http://www.udir.no/Tilstand/Forskning/Rapporter/NTNU/Elevundersokelsen-2014--mobbing-krenkelser-og-arbeidsro-/

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2015 Deloitte AS